

---

# RAPPORT

## Gjennomseiling Herøy – Ulstein til Ålesund

---

OPPDRAKSGJEVAR

Kystverket

EMNE

Kartlegging av sjøfugl

DATO / REVISJON: 14.04.2023 / Rev. 01

DOKUMENTKODE: 10228898-03-RIM-RAP-001

---



Multiconsult

Denne rapporten er utarbeidt av Multiconsult i egen regi eller på oppdrag frå kunde. Kunden sine rettar til rapporten er regulert i oppdragsavtala. Dersom kunden i samsvar med oppdragsavtala gjev tredjepart tilgong til rapporten, har ikkje tredjepart andre eller større rettar enn det han kan utlede frå kunden. Multiconsult har ikkje noko ansvar dersom rapporten eller delar av den vert brukt til andre føremål, på annan måte eller av andre enn det Multiconsult skriftleg har avtalt eller samtykka til. Delar av innhaldet i rapporten er i tillegg beskytta av opphavsrett. Kopiering, distribusjon, endring, bearbeiding eller annan bruk av rapporten kan ikkje skje utan avtale med Multiconsult eller eventuell annan opphavsrettshavar.

## RAPPORT

|                 |                                         |                  |                                                 |
|-----------------|-----------------------------------------|------------------|-------------------------------------------------|
| OPPDRAAG        | <b>Gjennomseglinga Herøy - Ålesund</b>  | DOKUMENTKODE     | 10228629-01-RIM-RAP-001                         |
| EMNE            | Kartlegging av sjøfugl                  | TILGJENGE        | Åpen                                            |
| OPPDRAAGSGJEVAR | <b>Kystverket</b>                       | OPPDRAAGSLEIAR   | Sevrin Gjerde                                   |
| KONTAKTPERSON   | Catherine Taylor Grebstad               | UTARBEIDT AV     | Kjetil Mork, Oddvar Olsen og Ingar S. Bringsvor |
| E-POST          | catherine.taylor.grebstad@kystverket.no | ANSVARLEG EINING | Multiconsult Norge AS                           |

## SAMANDRAG

Denne rapporten inneheld ei skildring av førekomsten av sjøfugl i influensområdet til dei ulike udjupingsområda og sjødeponia, samt ei verdivurdering av ulike delområde/funksjonsområde for sjøfugl. Vi viser til konsekvensutgreiinga (hovudrapporten) for ei vurdering av påvirkning og konsekvens på sjøfuglbestandane i området.

| REV. | DATO       | BESKRIVELSE        | UTARBEIDT AV | KONTROLLERT AV | GODKJENT AV |
|------|------------|--------------------|--------------|----------------|-------------|
| 02   | 14.04.2023 | Endelig rapport    | K. Mork      | O. Olsen       | T. Langeid  |
| 01   | 08.12.2022 | Utkast til rapport | K. Mork      | O. Olsen       | S. Gjerde   |

## INNHALD

|          |                                                                                                |           |
|----------|------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>1</b> | <b>Innleiing.....</b>                                                                          | <b>6</b>  |
| <b>2</b> | <b>Skildring av tiltaka .....</b>                                                              | <b>7</b>  |
| <b>3</b> | <b>Metode.....</b>                                                                             | <b>12</b> |
| 3.1      | Eksisterande datagrunnlag .....                                                                | 12        |
| 3.2      | Supplerande feltarbeid .....                                                                   | 12        |
| 3.3      | Verktøy for kartlegging og verdi-, påvirkning- og konsekvensvurdering .....                    | 12        |
| <b>4</b> | <b>Områdeskildring og verdivurdering.....</b>                                                  | <b>18</b> |
| 4.1      | Kunnskapsstatus .....                                                                          | 18        |
| 4.2      | Eksisterande påverknad på sjøfugl i influensområdet .....                                      | 18        |
| 4.2.1    | Delområde 1: Herøybrua – Flørauden/Svædet.....                                                 | 18        |
| 4.2.2    | Delområde 2: Erknæfluda, Nordtaren, Skarvøyfluda og Djupefluda.....                            | 18        |
| 4.3      | Artsmangfald og økologiske funksjonsområde for sjøfugl.....                                    | 18        |
| 4.3.1    | Delområde 1: Herøybrua – Flørauden/Svædet.....                                                 | 18        |
| 4.3.2    | Delområde 2: Erknæfluda, Nordtaren, Skarvøyfluda og Djupefluda.....                            | 31        |
| 4.4      | Landskapsøkologiske funksjonsområde.....                                                       | 34        |
| 4.5      | Verdivurdering .....                                                                           | 34        |
|          | <b>Referansar .....</b>                                                                        | <b>38</b> |
|          | <b>Vedlegg 2. Teljing av hekkefugl i Sandøya - Vattøya naturreservat i 2011 og i 2015.....</b> | <b>51</b> |

## KART, FIGURAR OG BILDER

|                                                                                                                                                                                                                          |    |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| Figur 1-1. Havsule er ein art som hekkar på Runde og som kan påtreffast på næringssøk i området. Kjelde: Carsten Steger / Wikimedia Commons. ....                                                                        | 6  |
| Figur 2-1. Oversikt over planlagde tiltak.....                                                                                                                                                                           | 7  |
| Figur 2-2 Varsla planområde for Skinnabrokleia er vist med svart stipla linje, oppdelt i to planområde for to kommunar; Herøy i vest og Ulstein i aust. Aktuelle grunner som skal utdjupast er vist med raud farge. .... | 8  |
| Figur 2-3. Varsla planområde for Kyrkjefluda og Svædet er vist med svart stipla linje. Aktuelle grunner som skal utdjupast er vist med raud farge. ....                                                                  | 9  |
| Figur 2-4. Varsla planområde er vist med svart stipla linje. Aktuelle grunner som skal utdjupast er vist med raud farge.....                                                                                             | 10 |
| Figur 2-5. Varsla planområde er vist med svart stipla linje. Aktuelle grunner som skal utdjupast er vist med raud farge.....                                                                                             | 11 |
| Figur 3-1. Konsekvensvifte for vurdering av miljøskade i eit delområde. Kjelde: Miljødirektoratet (2020). ....                                                                                                           | 14 |
| Figur 3-2. Oversikt over planlagde tiltak i delområde 1, Herøyabrua – Flørauden/Svædet, samt soneinndelinga som er nytta i samband med kartlegging av overvintrande sjøfugl. ....                                        | 16 |
| Figur 3-3. Oversikt over planlagde tiltak i delområde 2, Valderhaugfjorden/Breisundet, samt soneinndelinga som er nytta i samband med kartlegging av overvintrande sjøfugl. ....                                         | 17 |
| Figur 4-1. Hekkande par med sjøfugl i Sogn og Fjordane. Kjelde: Larsen (2021).....                                                                                                                                       | 22 |
| Figur 4-2. Viktige område og registrerte førekomstar av fugl i området Herøybrua – Flørauden/Svædet. Kjelde: Miljødirektoratet og Artsdatabanken. ....                                                                   | 24 |
| Figur 4-3. Antal par hekkande sjøfugl den 15. mai 2022. Kjelde: Eige feltarbeid. ....                                                                                                                                    | 25 |
| Figur 4-4. Antal par hekkande sjøfugl den 20. juni 2022. Kjelde: Eige feltarbeid. ....                                                                                                                                   | 26 |
| Figur 4-5. Tettheit av overvintrande sjøfugl vinteren 2021/2022. Kjelde: Eigne registreringar. ....                                                                                                                      | 29 |
| Figur 4-6. Viktige område og registrerte førekomstar av fugl i den nordelege delen. Kjelde: Miljødirektoratet og Artsdatabanken. ....                                                                                    | 30 |
| Figur 4-7. Gråmåse var ein av dei mest talrike artane under vinterteljingane i 2021 og 2022. ....                                                                                                                        | 32 |
| Figur 4-8. Verdivurdering av registrerte hekkeområde for sjøfugl og verneområde i delområde 1. ....                                                                                                                      | 36 |
| Figur 4-9. Verdivurdering av registrerte hekkeområde for sjøfugl og verneområde i delområde 2. ....                                                                                                                      | 37 |

## TABELLAR

|                                                                                                                                                                                                                                                                                             |    |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| Tabell 2-1. Oversikt over dei planlagde tiltaka. ....                                                                                                                                                                                                                                       | 7  |
| Tabell 2-2. Detaljert oversikt over utdjuningsområda ved Skinnabrokeia. ....                                                                                                                                                                                                                | 8  |
| Tabell 2-3. Detaljert oversikt over utdjuningsområda ved Svædet og Kyrkjefluda. ....                                                                                                                                                                                                        | 9  |
| Tabell 2-4. Detaljert oversikt over utdjuningsområdet ved Djupefluda. ....                                                                                                                                                                                                                  | 10 |
| Tabell 2-5. Detaljert oversikt over utdjuningsområda ved Erknefluda, Nordtaren og Skarvøyflua. ....                                                                                                                                                                                         | 11 |
| Tabell 3-1. Oversikt over supplerande feltarbeid. ....                                                                                                                                                                                                                                      | 12 |
| Tabell 3-2. Verdikriteria for tema sjøfugl. Svært stor verdi tilsvarer høgaste forvaltningsprioritet, stor verdi høg forvaltningsprioritet og middels verdi middels forvaltningsprioritet. Utan betydning kan også oversetjast med ubetydeleg verdi. Kjelde: Miljødirektoratet (2020). .... | 13 |
| Tabell 3-3. Vegleiar for vurdering av påverknad på verna natur og sjøfugl. Kjelde: Miljødirektoratet (2020). ....                                                                                                                                                                           | 14 |
| Tabell 3-4. Skala og vegleing for konsekvensvurdering for delområder. Kjelde: Miljødirektorat (2020). ....                                                                                                                                                                                  | 14 |
| Tabell 3-5. Oppsummeringstabell. Kjelde: Miljødirektoratet (2020). ....                                                                                                                                                                                                                     | 15 |
| Tabell 4-1. Registrerte artar med tilknytning til sjø eller fjøre innanfor delområde 1. Status iht. norsk raudliste for artar (2021). Artar med * hekkar eller har truleg hekka i området. ....                                                                                             | 18 |
| Tabell 4-2. Oppsummering av resultata frå hekkefuglteljingar på Vattøya, Lyngøya og Sandøya. For 2022 er antal registrerte par den 15. mai og 20. juni oppgjevne. ....                                                                                                                      | 21 |
| Tabell 4-3. Registrerte artar av sjøfugl innanfor dei ulike sonene ifm. tellinga den 28.11.2021 (venstre kolonne) og 16.02.2022 (høgre kolonne). ....                                                                                                                                       | 27 |
| Tabell 4-4. Registrerte artar med tilknytning til sjø eller fjøre innanfor delområde 2. Status iht. norsk raudliste for artar (2021). Artar med * hekkar eller har truleg hekka i området. ....                                                                                             | 31 |
| Tabell 4-5. Registrerte artar av sjøfugl innanfor dei ulike sonene ifm. tellinga den 10.12.2021 (venstre kolonne) og 08.03.2022 (høgre kolonne). ....                                                                                                                                       | 33 |
| Tabell 4-6. Oppsummering og verdivurdering. ....                                                                                                                                                                                                                                            | 34 |

## 1 Innleiing

Kystverket har planar om utdjuping av fleire grunner og deponering av masser langs farleia mellom Herøy og Ålesund i Møre og Romsdal. Det er utarbeidd reguleringsplanar og ein heilskapleg KU (Multiconsult, 2023) for dei planlagde tiltaka.

I tillegg til den heilskaplege konsekvensutgreiinga er det utarbeidd ei rekkje fagrapportar, deriblant denne rapporten om sjøfugl. Hovudføremålet med denne fagrapporten og sjølv KU-rapporten (hovudrapporten) er å:

1. Skildre sjøfuglane sin bruk av desse områda gjennom året (hekking, myting og overvintring).
2. Avgrense og verdivurdere viktige område for sjøfugl innanfor influensområdet til dei ulike tiltaka.
3. Vurdere konsekvensane av tiltaka for sjøfugl, både i anleggs- og driftsfasen.
4. Vurdere aktuelle avbøtande tiltak for å minimere konsekvensane for sjøfugl.
5. Vurdere behovet for oppfølgjande undersøkingar og/eller miljøovervaking i samband med gjennomføring av tiltaka.

Denne rapporten dekkjer pkt. 1 og 2, medan KU-rapporten (hovudrapporten) dekkjer pkt. 3, 4 og 5.

Rapporten er utarbeidd av Kjetil Mork (Multiconsult Norge AS) og Oddvar Olsen (Faunafokus AS). Ingar Støyle Bringsvor og Jostein Fagerhol har vore viktige bidragsytarar i samband med feltarbeidet som er gjennomført vinteren 2021/2022 og sommaren 2022.




*Figur 1-1. Havsule er ein art som hekkar på Runde og som kan påtreffast på næringssøk i området.  
Kjelde: Carsten Steger / Wikimedia Commons.*

## 2 Skildring av tiltaka

Tiltaka ligg innanfor fem planområde i fire kommunar, jf. tabellen under og figur 2-1.

Tabell 2-1. Oversikt over dei planlagde tiltaka.

| Nr. | Namn, utdjunings-område                  | Kommune          | Tiltak                            | Planareal (daa)               | Utdjunings-areal (m <sup>2</sup> )                  | Utdjunings-nivå (dybde)      |
|-----|------------------------------------------|------------------|-----------------------------------|-------------------------------|-----------------------------------------------------|------------------------------|
| 4   | Skinna brok-leia                         | Herøy og Ulstein | Utdjuping<br>Merking<br>Sjødeponi | 700 i Ulstein,<br>900 i Herøy | 59 497                                              | -11,3 iht.<br>sjøkartnull.   |
| 3   | Svædet/<br>Kyrkjefluda                   | Ulstein          | Utdjuping<br>Merking<br>Sjødeponi | 9 300                         | 26 162<br>(Svædet: 14500,<br>Kyrkjefluda:<br>11662) | -11,3 m iht.<br>sjøkartnull. |
| 2   | Djupefluda                               | Giske            | Utdjuping                         | 60                            | 3 075                                               | -16,8 m iht.<br>sjøkartnull. |
| 1   | Erknefluda,<br>Nordtaren,<br>Skarvøyflua | Ålesund          | Utdjuping<br>Merking<br>Sjødeponi | 1 500                         | 15260                                               | -13,3 m iht.<br>sjøkartnull. |




Figur 2-1. Oversikt over planlagde tiltak.

### 2.1.1 Skinnabrokleia, Herøy og Ulstein kommune (to planområde)

Planområda omfattar 17 grunner ved Skinnabrokleia på grensa mellom Herøy og Ulstein kommune. Dagens hovudlei går vest for Torvikholmane. Reguleringsplanane i området legg til rette for å flytte hovudleia innom Skinnabrokleia etter utdjujing.

Tabell 2-2. Detaljert oversikt over utdjujingsområda ved Skinnabrokleia.

| Område         | Tal grunner | Areal grunner (m <sup>2</sup> ) | Mengde lausmasse (m <sup>3</sup> ) | Mengde fast berg (m <sup>3</sup> ) | Totalt volum (m <sup>3</sup> ) | Utdjujingsnivå            |
|----------------|-------------|---------------------------------|------------------------------------|------------------------------------|--------------------------------|---------------------------|
| Skinnabrokleia | 17          | 59 497                          | 20 000-50 000                      | 136 490- 166 490                   | 186 490                        | -11,3 m iht. sjøkartnull. |




Figur 2-2 Varsla planområde for Skinnabrokleia er vist med svart stipla linje, oppdelt i to planområde for to kommunar; Herøy i vest og Ulstein i aust. Aktuelle grunner som skal utdjujast er vist med raud farge.

### 2.1.2 Svædet og Kyrkjefluda, Ulstein kommune

Planområda omfattar tre grunner ved Svædet og ei grunne ved Kyrkjefluda.

Tabell 2-3. Detaljert oversikt over utdjuningsområda ved Svædet og Kyrkjefluda.

| Område      | Tal grunner | Areal grunner (m <sup>2</sup> ) | Mengde lausmasse (m <sup>3</sup> ) | Mengde fast berg (m <sup>3</sup> ) | Totalt volum (m <sup>3</sup> ) | Utdjuningsnivå            |
|-------------|-------------|---------------------------------|------------------------------------|------------------------------------|--------------------------------|---------------------------|
| Svædet      | 3           | 14 500                          | 13 840                             | -                                  | 13 840                         | -12,3 m iht. sjøkartnull. |
| Kyrkjefluda | 1           | 11 662                          | 1 000-3 000                        | 19 895- 21895                      | 22 895                         |                           |
| Totalt      | 4           | 26 162                          | 14 840 – 16 840                    | 19 895- 21895                      | 36 735                         |                           |




Figur 2-3. Varsla planområde for Kyrkjefluda og Svædet er vist med svart stipla linje. Aktuelle grunner som skal utdjunast er vist med raud farge.

### 2.1.3 Djupefluda, Giske kommune

Planområdet i Giske omfattar to grunner ved Djupefluda i Valderhaugfjorden. Begge grunnene består av fast fjell.

Tabell 2-4. Detaljert oversikt over utdypingsområdet ved Djupefluda.

| Område     | Tal grunner | Areal grunner (m <sup>2</sup> ) | Mengde lausmasse (m <sup>3</sup> ) | Mengde fast berg (m <sup>3</sup> ) | Totalt volum (m <sup>3</sup> ) | Utdjupingsnivå            |
|------------|-------------|---------------------------------|------------------------------------|------------------------------------|--------------------------------|---------------------------|
| Djupefluda | 2           | 3 075                           | 0-500                              | 5 575-6 075                        | 6 075                          | -16,8 m iht. sjøkartnull. |



Figur 2-4. Varsla planområde er vist med svart stipla linje. Aktuelle grunner som skal utdypast er vist med raud farge.

### 2.1.4 Erknefluda, Nordtaren, Skarvøyflua, Ålesund kommune

Planområdet i Ålesund omfattar tre grupper av grunner i Valderhaugfjorden; Erknefluda, Nordtaren og Skarvøyflua. Grunnene består i hovudsak av fast fjell.

Tabell 2-5. Detaljert oversikt over utdypingsområda ved Erknefluda, Nordtaren og Skarvøyflua.

| Område                  | Tal grunner | Areal grunner (m <sup>2</sup> ) | Mengde lausmasse (m <sup>3</sup> ) | Mengde fast berg (m <sup>3</sup> ) | Totalt volum (m <sup>3</sup> ) | Utdjupingsnivå           |
|-------------------------|-------------|---------------------------------|------------------------------------|------------------------------------|--------------------------------|--------------------------|
| Erknefluda og Nordtaren | 8           | 10 135                          | 500-1 000                          | 22 978 - 23 478                    | 23 978                         | -13,3 m iht. sjøkartnull |
| Skarvøyflua             | 3           | 5 125                           | 0-500                              | 19 553 - 20 053                    | 20 053                         |                          |
| Totalt                  | 11          | 15 260                          | 500-1500                           | 42 531 – 43 531                    | 44 031                         |                          |



Figur 2-5. Varsla planområde er vist med svart stipla linje. Aktuelle grunner som skal utdypast er vist med raud farge.

### 3 Metode

#### 3.1 Eksisterande datagrunnlag

Opplysningane som dannar grunnlaget for områdeskildringa samt verdi- og konsekvensvurderingane i denne rapporten er basert m.a. på følgjande kjelder:

- Miljødirektoratet (Naturbase): Oversikt over verneområde og viktige funksjonsområde for sjøfugl.
- Artsdatabanken (Artskart): Innrapporterte observasjonar av sjøfugl.
- NINA (SEAPOP): Informasjon om sjøfuglkoloniar i influensområdet.
- Rapporten *Hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal – ein statusrapport* (Folkestad & Loen, 1998).
- Sjøfugltellingar i Sandøya - Vattøya naturreservat i 2011 og i 2015 (Oddvar Olsen, Ingar Støyle Bringsvor og Jostein Fagerhol)
- Informasjon frå lokale ressurspersonar som Alv Ottar Folkestad.

#### 3.2 Supplerande feltarbeid

Det er gjennomført supplerande feltarbeid på sjøfugl i samband med denne utgreiinga (til saman ca. 15 dagsverk). Tidspunkta for feltarbeidet, som vart gjennomført av Oddvar Olsen, Ingar S. Bringsvor og Jostein Fagerhol, er oppgjeve i tabellen under.

Tabell 3-1. Oversikt over supplerande feltarbeid.

| Område                       | Tidspunkt                |                                         |
|------------------------------|--------------------------|-----------------------------------------|
|                              | Overvintrande sjøfugl    | Hekkande sjøfugl                        |
| Herøybrua – Flørauden/Svædet | 28.11.2021 og 16.02.2022 | 15.05.2022, 20.06.2022<br>og 15.07.2022 |
| Valderhaugfjorden            | 10.12.2021 og 08.03.2022 |                                         |

Det var jamt over fint vær og gode forhold for registrering av sjøfugl dei aktuelle dagane.

Vi viser til kapittel 7 for vurderingar rundt kunnskapsgrunnlag og usikkerheit.

#### 3.3 Verktøy for kartlegging og verdi-, påvirkning- og konsekvensvurdering

Denne utgreiinga er basert på Miljødirektoratet sin nye vegleiar for konsekvensutgreiingar (M-1941), som er basert på same standardiserte, tretrinns prosedyre som Handbok V712 (Statens vegvesen 2021). Framgangsmåten er utvikla for å gjere analysane og konklusjonane meir objektive, lettare å forstå og meir samanlignbare.

Det første steget består i å dele inn influensområdet i mindre, einskaplege delområde, basert på registreringskategoriane i tabell 3-2. Deretter skildrar ein delområdet sine *karaktertrekk* og *verdier*. Verdien til delområdet blir fastsett langs ein skala som spenner frå *ubetydeleg verdi* til *svært stor verdi*, jf. figuren under. Verdivurderinga for tema sjøfugl er basert på verdikriteria i tabell 3-2.



Tabell 3-2. Verdikriteria for tema sjøfugl. Svært stor verdi tilsvarer høgaste forvaltningsprioritet, stor verdi høg forvaltningsprioritet og middels verdi middels forvaltningsprioritet. Utan betydning kan også oversetjast med ubetydeleg verdi. Kjelde: Miljødirektoratet (2020).

| Kategori                                   | Ubetydeleg verdi | Noko verdi                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Middels verdi                                                                                                                                                                                 | Stor verdi                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       | Svært stor verdi                                                                                                                |
|--------------------------------------------|------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Verneområde og område med bandlegging      |                  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                                               |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Alle førekomstar i denne kategorien                                                                                             |
| Arter og økologiske funksjonsområde (FO)   |                  | Vanlege artar og deira FO                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             | Nær trua (NT) artar og deira FO<br>FO for spesielt om-synskrevjande artar                                                                                                                     | Sårbare (VU) artar og deira FO<br>Spesielle økologiske former av artar                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | Freda artar<br>Prioriterte artar (med eventuelt forskriftsfesta FO)<br>Sterkt trua (EN) og kritisk trua (CR) artar og deira FO  |
| Landskaps-økologiske funksjonsområde (LFO) |                  | Lokalt viktige område for vilt- og fugletrekk, herunder viktige raste/furasjeringsområde.<br>Område med mogleg betydning mtp. sammenbinding av dokumenterte funksjonsområde for artar.<br>Strukturar eller kjerneområde i kvardagsnaturen som har funksjonar ut over det ordinære – t.d. i form av leveområde for mange artar eller vandrings/forflytningskorridorar. | Regionalt viktige område for vilt- og fugletrekk, herunder viktige raste/furasjeringsområde.<br>Område som med stor grad av sikkerheit bidreg til sammenbinding av dokumenterte FO for artar. | Intakte samanhengar mellom / i tilknytning til større naturområde som har ein viktig funksjon som forflyttings- og spreingskorridor for artar.<br>Nasjonalt viktige område for vilt- og fugletrekk, herunder viktige raste/furasjeringsområde.<br>Område som med stor grad av sikkerheit bidreg til samanbinding av verneområde eller dokumenterte FO for artar med stor eller svært stor verdi. | Særleg store og nasjonalt/internasjonalt viktige trekkruiter.<br>Herunder system av nasjonalt viktige raste/furasjeringsområde. |

Steg 2 går ut på å skildre og vurdere tiltaket sin *påverknad* på kvart delområde. Denne vurderinga er basert på kriteria i tabell 3-3. Påverknaden blir vurdert for den langsiktige driftsfasen, det vil seie meir eller mindre permanente verknader, langs ein skala frå *sterkt forringa til forbetra*. Verknader knytta til anleggsfasen vert skildra kort og tillagt mindre vekt i den samla vurderinga.



Tabell 3-3. Vegleiar for vurdering av påverknad på verna natur og sjøfugl. Kjelde: Miljødirektoratet (2020).


| Påverknad       | Verna natur                                                                                                          | Økologiske funksjonsområde for artar (FO) og landskapsøkologiske funksjonsområde (LFO)                                                                                        |
|-----------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Sterkt forringa | Påverknad som medfører direkte inngrep i verneområdet og som er i strid med verneføremålet.                          | Splittar opp og/eller forringar areal slik at økologiske funksjonar vert brotne.<br>Blokkerer trekk-/vandringsmoglegheiter i eit område kor det ikkje finst andre alternativ. |
|                 | Verknaden si varigheit: Varig forringing av høg alvorsgrad, eventuelt med lang/svært lang restaureringstid (>25 år). |                                                                                                                                                                               |

| Påverknad          | Verna natur                                                                                                                              | Økologiske funksjonsområde for artar (FO) og landskapsøkologiske funksjonsområde (LFO)                                                                                                                                   |
|--------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Forringa           | Mindre påverknad som berører ein liten/ubetydeleg del av verneområdet og som ikkje er i strid med verneføremålet.                        | <p>Splittar opp og/eller forringar areal slik at økologiske funksjonar vert svekka.</p> <p>Svekker trekk-/vandringsmoglegheiter, evt. blokkerer trekk/vandringsmoglegheiter i område kor det finst alternativ.</p>       |
|                    | Verknaden si varigheit: Varig forringing av middels alvorsgrad, eventuelt meir alvorleg miljøskade med middels restaureringstid (>10 år) |                                                                                                                                                                                                                          |
| Noko forringa      | <p>Ubetydeleg påverknad.</p> <p>Ikkje direkte arealinngrep</p>                                                                           | <p>Splittar samanhengar/reducerer funksjonar, men vesentlege funksjonar vert oppretthaldne i stor grad.</p> <p>Mindre alvorleg svekking av trekk/vandringsmoglegheiter i eit område kor det finst fleire alternativ.</p> |
|                    | Verknaden si varigheit: Varig forringing av mindre alvorleg art, eventuelt meir alvorleg miljøskade med kort restaureringstid (1-10 år)  |                                                                                                                                                                                                                          |
| Ubetydeleg endring | Ingen eller uvesentleg påverknad på kort eller lang sikt.                                                                                |                                                                                                                                                                                                                          |
| Forbetra           | Betrar tilstanden ved at området vert restaurert mot ein opprinneleg naturtilstand.                                                      | <p>Rettar opp igjen eller skaper nye trekk/vandringsmoglegheiter mellom leveområde/biotopar.</p> <p>Viktige biologiske funksjonar vert styrka.</p>                                                                       |

Steg 3 inneber å fastsetje tiltaket sin konsekvensgrad ved å kombinere verdien av delområdet og tiltaket sin påverknad på delområdet i den sokalla «konsekvensvifte» (sjå figur 3-1). Denne samanstillinga gjev eit resultat langs ein skala frå *fire minus* til *fire pluss*. Tabell 3-4 inneheld ei tekstleg vegleiring for konsekvensvurderinga.

Vurderingar som er strukturert på denne måten vil gje ein mer nyansert og presis presentasjon av konsekvensane av eit tiltak for eit spesifikt delområde.

Figur 3-1. Konsekvensvifte for vurdering av miljøskade i eit delområde. Kjelde: Miljødirektoratet (2020).



Tabell 3-4. Skala og vegleiring for konsekvensvurdering for delområder. Kjelde: Miljødirektorat (2020).

| Skala | Konsekvensgrad            | Forklaring                                                                                                                    |
|-------|---------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| ----  | Svært alvorleg miljøskade | Den mest alvorlege miljøskaden som kan oppnåast for eit delområde. Gjeld berre for delområde med stor eller svært stor verdi. |
| ---   | Alvorleg miljøskade       | Alvorleg miljøskade for delområdet.                                                                                           |


| Skala         | Konsekvensgrad                                     | Forklaring                                                                                                                                                                                                 |
|---------------|----------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| --            | Betydeleg miljøskade                               | Betydeleg miljøskade for delområdet.                                                                                                                                                                       |
| -             | Noko miljøskade                                    | Noko miljøskade for delområdet.                                                                                                                                                                            |
| 0             | Ubetydeleg miljøskade                              | Ingen eller ubetydeleg miljøskade for delområdet.                                                                                                                                                          |
| + / ++        | Noko miljøforbetring<br>Betydeleg miljøforbetring  | Miljøgevinst for delområdet:<br>Noko (+) eller betydelig forbetring (++)                                                                                                                                   |
| +++ /<br>++++ | Stor miljøforbetring<br>Svært stor miljøforbetring | Stor miljøgevinst for delområdet. Stor (+++) eller svært stor (++++) forbetring. Skal i hovudsak nyttast der delområde med ubetydeleg eller noko verdi får ein svært stor verdiauke som følge av tiltaket. |

Til slutt skal det gjerast ei samla vurdering av konsekvensane av dei ulike utbyggingsalternativa. Det må framgå i denne vurderinga om nokre delområde er tillagt mindre eller større vekt, og om den samla konsekvensvurderinga er justert opp eller ned, t.d. grunna sumverknader. Merk at samla konsekvensgrad per alternativ følgjer skalaen *kritisk negativ – svært stor negativ – stor negativ – middels negativ – noe negativ – ubetydelig – positiv – stor positiv*.


Tabell 3-5. Oppsummeringstabell. Kjelde: Miljødirektoratet (2020).

| Alternativ (→)                |                                                   | 0-alternativet | Utbyggingsalternativ       |                            |
|-------------------------------|---------------------------------------------------|----------------|----------------------------|----------------------------|
| Vurderingar (↓)               |                                                   |                | Alternativ A               | Alternativ B               |
| Vurdering<br>av<br>konsekvens | Delområde A                                       | 0              | Alvorleg miljøskade (---)  | Betydeleg miljøskade (---) |
|                               | Delområde B                                       | 0              | Alvorleg miljøskade (---)  | Noko miljøskade (-)        |
|                               | Delområde C                                       | 0              | Betydeleg miljøskade (---) | Ubetydeleg miljøskade (0)  |
|                               | Delområde D                                       | 0              | Ubetydeleg miljøskade (0)  | Noko miljøforbetring (+)   |
|                               | Delområde X                                       | 0              | Noko miljøskade (-)        | Noko miljøskade (-)        |
| Andre vurderingar             | Begrunne høg/låg vektlegging av enkelte delområde |                |                            |                            |
|                               | Samla verknader                                   |                |                            |                            |
| Vurdering av samla konsekvens | Samla konsekvensgrad                              |                | Stor negativ konsekvens    | Noko negativ konsekvens    |
|                               | Begrunning                                        |                |                            |                            |
| Rangering                     | Rangering                                         |                |                            |                            |
|                               | Begrunning                                        |                |                            |                            |

Denne rapporten inneheld ei skildring av førekomsten av sjøfugl i influensområdet til dei ulike udjupingsområda og sjødeponia, samt ei verdivurdering av ulike delområde/funksjonsområda for sjøfugl (altså steg 1). Vi viser til konsekvensutgreiinga (hovudrapporten) for ei vurdering av påverknad (steg 2) og konsekvens (steg 3) for dei ulike funksjonsområda for sjøfugl i influensområdet, samt ei oppsummering av samla konsekvensgrad for sjøfugl (tabell 3-5).



Figur 3-2. Oversikt over planlagde tiltak i delområde 1, Herøybrua – Flørauden/Svædet, samt soneinndelinga som er nytta i samband med kartlegging av overvintrande sjøfugl.



Figur 3-3. Oversikt over planlagde tiltak i delområde 2, Valderhaugfjorden/Breisundet, samt soneinndelinga som er nytta i samband med kartlegging av overvintrande sjøfugl.

## 4 Områdeskildring og verdivurdering

### 4.1 Kunnskapsstatus

Der er gjort enkelte sjøfuglteljingar i delar av området tidlegare (sjå kapittel 3.1), og ein del observasjonar er å finne på Artskart (Miljødirektoratet). Informasjonen frå desse kjeldene er samla og inkludert i områdeskildringa under. I tillegg er det gjort nye teljingar av overvintrande og hekkande sjøfugl som omfattar området frå Dimnaneset i sør til Flørauden/Svædet i nord (sjå figur 3-2), samt i Valderhaugfjorden (sjå figur 3-3).

### 4.2 Eksisterande påverknad på sjøfugl i influensområdet

#### 4.2.1 Delområde 1: Herøybrua – Flørauden/Svædet

I det sørlege området, frå Herøybrua til Svædet, er der ingen akvakulturanlegg på noverande tidspunkt. Det nærmaste anlegget, lok. 37517 Skarvskjæret (konsesjon for dyrking av algar), ligg like aust for Herøybrua. Om ein ser bort frå dette anlegget, enkelte fyllingar i sjøen i samband med bygging av Herøybrua og nokre småbåthamner og kaier langs land, så er der ingen større menneskelege inngrep i dette sjøområdet. Ein del trafikk av hurtiggåande småbåtar kan være negativt for sjøfugl under rast og på næringsssøk, men verst vil det vere i ungeperioden når ungekulla er små. Like aust for Herøybrua kryssar ei kraftledning over frå Stokksund til Leinøya, og det er nok denne som er mest negativ for sjøfugl per i dag med tanke på kollisjonsfare i dårleg lys og ved skodde eller snøbyger.

#### 4.2.2 Delområde 2: Erknefluda, Nordtaren, Skarvøyfluda og Djupefluda

I det nordlege området (Valderhaugfjorden) er det ingen akvakulturanlegg eller annan infrastruktur. Sjøtrafikk er difor den dominerande kjelda til uroing av sjøfuglane i dette området.

### 4.3 Artsmangfald og økologiske funksjonsområde for sjøfugl

#### 4.3.1 Delområde 1: Herøybrua – Flørauden/Svædet

##### Artsmangfald

I følgje tilgjengelege kjelder er det registrert til saman 76 artar av fugl, herav 36 raudlisteartar, innanfor delområde 1 (sjå tabell 4-1). Dette omfattar både hekkande, trekkande og overvintrande artar. I denne oversikten er det berre teke med artar som har tilknytning til sjø og fjøre, eller rovfugl som kan tenkjast å jakte i området. Trekkande/overflygande artar av sporvefugl m.m. er ikkje inkludert, sidan desse uansett ikkje vil bli påverka av det planlagde tiltaket.

Tabell 4-1. Registrerte artar med tilknytning til sjø eller fjøre innanfor delområde 1. Status iht. norsk raudliste for artar (2021). Artar med \* hekkar eller har truleg hekka i området.

|                | Art (status)   | Art (status) | Art (status)    | Art (status)  |
|----------------|----------------|--------------|-----------------|---------------|
| alke (VU)      | gråmåse (VU) * | krykkje (EN) | songsvane       | strandsnipe * |
| alkekonge      | havelle (NT)   | kvinand      | siland *        | svartand (VU) |
| amerikablesand | havhest (EN)   | laksand      | sildemåse *     | svartbak *    |
| bergand (EN)   | havsule        | lappspove    | sjøorre (VU)    | teist (NT) *  |
| brunnakke      | havsvale       | lomvi (CR)   | skjeand (VU)    | temmincksnipe |
| brushane (VU)  | havørn         | lunde (EN)   | skjærpiplerke * | tjeld (NT) *  |

|                  | Art (status)     | Art (status)        | Art (status)       | Art (status)  |
|------------------|------------------|---------------------|--------------------|---------------|
| dvergdykkar (EN) | heilo (NT)       | makrellterne (EN) * | smålom             | toppskarv     |
| dvergsnipe       | hettemåse (CR) * | myrhauk (EN)        | småspove (NT)      | tundrasnipe   |
| enkeltbekkasin * | horndykkar (VU)  | myrsnipe            | spurvehauk         | tjuvjo (VU) * |
| fiskemåse (VU) * | hønsehauk (VU)   | polarmåse           | steinvendar (NT) * | vandrefalk    |
| fiskeørn (VU)    | islom            | polarsnipe (VU)     | stjertand (VU)     | vipe (CR) *   |
| fjøreplytt       | jaktfalk (VU)    | praktærfugl         | stokkand *         | ærfugl (VU) * |
| gravand *        | knekkand (EN)    | raudnebbterne *     | storjo             |               |
| grønlandsmåse    | kongeørn         | raudstilk (NT) *    | storlom            |               |
| grågåås *        | kortnebbgåås     | sandlo              | storskarv (NT)     |               |
| gråhegre *       | krikkand *       | sandløpar (VU)      | storspove (EN) *   |               |

### Hekkende sjøfugl

Området frå Herøybrua og nordover til Flørauden/Svædet (sjå figur 4-2) er eit viktig gruntvassområde for ei rekkje sjøfuglartar, både sommar og vinter. Under er det gjeve ei kort skildring av førekomsten av hekkende sjøfugl i delområde 1, basert på det som ligg føre av tilgjengelig informasjon og supplerande kartlegging sommaren 2022. Nummera under henviser til nummereringa av dei ulike øyane, holmane og skjæra i figur 3-2.

#### *Torvikholmane (1)*

Før hekkefuglkartlegginga i 2022 var den einaste tilgjengelege informasjonen om hekkende sjøfugl på Torvikholmane frå ei teljing i 1995 (Folkestad & Loen, 1998). Det vart då registrert 30-40 par raudnebbterne, 10-15 par makrellterne (EN) og 2-3 ærfugl (VU) på denne lokaliteten.

I samband med hekkefuglteljningane på Torvikholmane sommaren 2022 vart det registrert 4 par fiskemåse (VU), 2 par svartbak og 1 par tjeld (NT) den 15. mai, medan det vart registrert 1 par svartbak, 1 par tjeld (NT), 2 par siland og 1 rastande toppskarv den 20. juni. Den 19. juli vart det registrert 1 rugande fiskemåse med 3 små ungar, samt 4 ungar av svartbak og 1 unge av tjeld.

Ein liten førekomsten av ein VU-art (fiskemåse) og ein NT-art (tjeld) tilseier at dette delområdet har *middels verdi* som hekkeområde for sjøfugl.

#### *Kalvøya, Roparholmen og Kjøholmen (2)*

Det vart gjennomført kartlegging av hekkende sjøfugl på Kalvøya, Roparholmen og Kjøholmen i 1975 (SEAPOPOP) og 1995 (A. O. Folkestad). I 1975 vart det registrert 9 fiskemåsar (VU), 1 svartbak, 1 tjuvjo (VU) og 1 tjeld (NT) her. I 1995 vart det registrert eit ukjent antal hekkende gråmåse (VU), grågåås, siland, tjuvjo (VU) og ærfugl (VU) på denne lokaliteten.

I samband med hekkefuglteljningane på Kalvøya, Roparholmen og Kjøholmen sommaren 2022 vart det registrert 1 par gråmåse (VU), 1 par svartbak og 1 par siland den 15. mai, samt 1 par svartbak og 1 par tjeld (NT) den 20. juni. I samband med den siste teljinga den 19. juli vart det observert berre 1 unge av tjeld.

Ein liten førekomsten av ein VU-art (gråmåse) og ein NT-art (tjeld) tilseier at dette delområdet har *middels verdi* som hekkeområde for sjøfugl.

### *Borgarøya (3)*

Borgarøya vart også kartlagt i 1995 (A. O. Folkestad). I følgje Artskart vart det den gong registrert eit ukjent antal hekkande makrellterne (EN), raudnebbterne, fiskemåse (VU), svartbak, siland, ærfugl (VU), stokkand og grågås på øya.

Kartlegginga den 15. mai 2022 resulterte i 1 par fiskemåse (VU), 1 par gråmåse (VU) og 1 par svartbak, samt ei gråhegre på næringssøk, medan tilsvarande kartlegging den 20. juni ga 2 par fiskemåse (VU), 4 par svartbak, 3 par tjeld (NT) og 1 par siland, samt ein tjuvjo (VU) på næringssøk. Det vart ikkje registrering hekkande sjøfugl eller ungar på Borgarøya den 19. juli.

Ein liten førekomst av to VU-artar (fiskemåse og gråmåse) og ein NT-art (tjeld) tilseier at dette delområdet har *middels til stor verdi* som hekkeområde for sjøfugl.

### *Hatløya (4)*

Hatløya vart også kartlagt i 1995 (A. O. Folkestad). I følgje Artskart vart det den gong registrert eit ukjent antal hekkande tjuvjo (VU), makrellterne (EN), raudnebbterne, fiskemåse (VU), svartbak, siland, gravand, ærfugl (VU) og grågås på øya.

Kartlegginga den 15. mai 2022 resulterte i 1 par fiskemåse (VU), 1 par gråmåse (VU), 1 par tjeld (NT), 3 par grågås og 2 gråhegrer på næringssøk. Tilsvarande kartlegging den 20. juni ga 2 par fiskemåse (VU), 1 par svartbak, 3 par tjeld (NT) og 2 rastande havørn. Den 19. juli vart det registrert 1 unge av fiskemåse, 6 vaksne og 5 ungar av gråmåse, 3 ungar av svartbak og 3 ungar av tjeld.

Ein liten førekomst av to VU-artar (fiskemåse og gråmåse) og ein NT-art (tjeld) tilseier at dette delområdet har *middels til stor verdi* som hekkeområde for sjøfugl.

### *Byholmane (5)*

Det ligg ikkje føre gamle teljingar av sjøfugl frå Byholmane.

Kartlegginga den 15. mai 2022 resulterte i 1 par fiskemåse (VU), 1 par tjeld (NT) og 2 par grågås, medan tilsvarande kartlegging den 20. juni ga 2 par tjeld (NT) og 1 rastande havørn. Den 19. juli vart det registrert 3 ungar av fiskemåse på desse holmane.

Ein liten førekomst av ein VU-art (fiskemåse) og ein NT-art (tjeld) tilseier at dette delområdet har *middels verdi* som hekkeområde for sjøfugl.

### *Vattøya (6), Lyngøya (7) og Sandøya (8)*

Dei første teljingane i området vart gjort i perioden 1975 – 1995 (sjå vedlegg 2, som er henta frå Folkestad & Loen 1998). Ved teljinga i 1994-1995 vart det registrert fleire par ærfugl (VU), 30-40 par fiskemåse (VU), 10-20 par sildemåse, 50+ par gråmåse (VU), 60+ par svartbak, 2 par tjuvjo (VU), 15-20 par makrellterne (EN) og 20-30 par raudnebbterne, i tillegg til eit ubestemt antal hekkande grågås, på desse øyane.

I mai og juni 2011 gjennomførte Oddvar Olsen, Jostein Fagerhol og Ingar S. Bringsvor ei kartlegging av hekkfugl i det same området. Det vart då registrert 55 par ærfugl (VU), 5 par grågås, 61 par svartbak, 23 par gråmåse (VU), 4 par fiskemåse (VU), 1 par tjuvjo (VU), 9 par tjeld (NT), 1 par storspove (EN) og minst 2 par enkeltbekkasin.

Vidare vart det den 20. mai 2014 registrert m.a. 33 grågås, 19 ærfugl (VU), 18 svartbak, 12 gråmåse (VU), 4 tjeld (NT), 3 tjuvjo (VU), 1 fiskemåse (VU) og 1 havørn på Vattøya (Betten, 2014).

Førre hekkfuglteljing i området vart gjort i 2015 (Oddvar Olsen, pers. medd.). Det vart då registrert 9 par ærfugl (VU), 4 par grågås, 27 par svartbak, 3 par gråmåse (VU), 2 par fiskemåse (VU), 1 par tjuvjo

(VU), 2 par tjeld (NT), 1 par storspove (EN) og minst 1 par enkeltbekkasin.

Kartlegginga den 15. mai 2022 resulterte i totalt 62 par sjøfugl fordelt på 10 artar, medan teljinga den 20. juni resulterte i 42 par fordelt på tilsvarande antal artar. Av raudlisteartar vart det registrert m.a. gråmåse (VU), fiskemåse (VU), ærfugl (VU), tjuvjo (VU) og tjeld (NT). Den 19. juli vart det registrert årsungar av m.a. fiskemåse (5), gråmåse (5), svartbak (3), tjeld (2) og grågås (14), medan tjuvjoen ikkje hadde lukkast i å få fram ungar.

Resultata frå dei ulike teljingane er oppsummert i tabell 4-2.


Førekomsten av ein EN-art (storspove), fire VU-artar (fiskemåse, gråmåse, ærfugl og tjuvjo) og ein NT-art (tjeld), i tillegg til at store delar av området er verna som naturreservat, tilseier at delområdet har *svært stor verdi* som hekkeområde for sjøfugl.

*Tabell 4-2. Oppsummering av resultata frå hekkefuglteljingar på Vattøya, Lyngøya og Sandøya. For 2022 er antal registrerte par den 15. mai og 20. juni oppgjevne.*

|                   | 1995         | 2011         | 2014*       | 2015        | 2022           |
|-------------------|--------------|--------------|-------------|-------------|----------------|
| Svartbak          | 60+          | 61           | 11          | 27          | 20 / 14        |
| Gråmåse (VU)      | 50+          | 23           | 7           | 3           | 4 / 1          |
| Fiskemåse (VU)    | 30-40        | 4            | 1           | 2           | 5 / 4          |
| Sildemåse         | 10-20        | 0            | 0           | 0           | 0              |
| Ærfugl (VU)       | ?            | 55           | 17          | 9           | 8 / 1          |
| Tjuvjo (VU)       | 2            | 1            | 2           | 1           | 1 / 2          |
| Makrellterne (EN) | 15-20        | 0            | 0           | 0           | 0              |
| Raudnebbterne     | 20-30        | 0            | 0           | 0           | 0              |
| Grågås            | ?            | 5            | 17          | 4           | 11 / 3         |
| Tjeld (NT)        | ?            | 9            | 2           | 2           | 10 / 14        |
| Storspove (EN)    | ?            | 1            | 1           | 1           | 1 / 1          |
| Siland            |              |              |             |             | 1 / 1          |
| Gravand           |              |              |             |             | 1 / 0          |
| Stokkand          |              |              |             |             | 0 / 1          |
| Enkeltebekkasin   | ?            | 2            | 1           | 1           |                |
| <b>Sum</b>        | <b>~ 205</b> | <b>~ 161</b> | <b>~ 47</b> | <b>~ 50</b> | <b>62 / 42</b> |

\* Kartlegginga i 2014 opererer med individ og ikkje par (som i 1995, 2011 og 2015). Tala i 2014 er difor delt på to for å få eit grovt anslag på antal par.

Som tabell 4-2 viser har det vore ein stor nedgong i antal par hekkande sjøfugl på Vattøya, Lyngøya og Sandøya i perioden 1995 – 2015. Mellom 2015 og 2022 har bestanden av hekkefugl tilsynelatande stabilisert seg på eit lågt nivå. Dette bildet samsvarar i stor grad med utviklinga i sjøfuglbestanden i Sogn og Fjordane (sjå figur 4-1).



Figur 4-1. Hekkande par med sjøfugl i Sogn og Fjordane. Kjelde: Larsen (2021).

#### Eggholmen (9) og Flørauden (10)

Ved teljinga i 1994-1995 (Folkestad & Loen, 1998) vart det på Flørauden registrert m.a. 10 par ærfugl (VU), 10 par svartbak, 5-10 par makrellterne (EN), 40+ par raudnebbterne og 10 par teist (NT). På Eggholmen vart det i same periode registrert 50 par ærfugl (VU), 10 par fiskemåse (VU), 10-15 par sildemåse, 50 par gråmåse (VU), 150 par svartbak og 10-20 par teist (NT).

I juli 2004 vart det òg gjort teljingar av hekkande sjøfugl på Flørauden og Eggholmen. Ved Flørauden vart det registrert m.a. 70 ærfugl (VU), 14 teist (NT), 50 toppskarv og 1 par tjeld (NT). Når det gjeld toppskarv så var 2004 første året det vart registrert at den hekka på Flørauden. Men det varte berre 2-3 år før kolonien forsvann igjen. I tillegg vart det notert 30 individ med stormåse (svartbak og gråmåse), 6 myrsniper på trekk og 1 strandsnipe. På Eggholmen vart det registrert 65 ærfugl (VU), 8 teist (NT), 40 svartbak, 6 gråmåse (VU), 2 sildemåse, 2 fiskemåse (VU), 4 grågåss og 6 svartand (VU) på trekk. På begge holmane har det år om anna hekka makrellterne (EN) og raudnebbterne.

I samband med teljingar av sjøfugl på Runde, vart det i åra 2000 til 2015 også talt opp fugl rundt Eggholmen og Flørauden. Hovudfokus under desse teljingane var ærfugl, men teist vart òg registrert. Teljingane vart utført rundt midten av mai. Rundt Flørauden var makstalet for ærfugl 110 individ og for teist 22 individ, medan tilsvarande tal for Eggholmen var høvesvis 65 og 13 individ.

I samband med hekkefuglteljinga den 15. mai 2022 vart det registrert 7 par svartbak, 1 par gråmåse (VU), 1 par fiskemåse (VU) og 2 par tjeld (NT), samt 5 næringssøkjande teist (NT) og 2 rastande toppskarv, på Flørauden. På Eggholmen vart det registrert 16 par svartbak, 13 par gråmåse (VU), 3 par fiskemåse (VU) og 2 par tjeld (NT), samt 1 næringssøkjande teist (NT), 1 rastande storskarv (NT) og 13 rastande toppskarv.

Den 20. juni same år var dei tilsvarande tala 7 par svartbak, 3 par tjeld, 1 par teist og 1 par gråmåse (VU), samt ca. 100 rastande stormåsar (svartbak og gråmåse) og 8 rastande fiskemåse (VU), på Flørauden. På Eggholmen vart det registrert 9 par svartbak, 6 par gråmåse (VU), 7 par fiskemåse (VU), 2 par tjeld (NT) og 1 par teist (NT), samt 8 mytande grågåss og 3 rastande toppskarv.

Den 19. juli vart det registrert 5 ungar av svartbak og 8 vaksne teist (ingen ungar) på Flørauden, samt 3 ungar av fiskemåse og ca. 30 ungar av stormåse (svartbak og gråmåse) på Eggholmen.

Førekomsten av to VU-arter (fiskemåse og gråmåse) og to NT-arter (teist og tjeld) tilseier at desse delområda har *stor verdi* som hekkeområde for sjøfugl. Sidan begge delområda også er verna som naturreservat, er verdien oppjustert til *svært stor* (jf. verdikriteria i tabell 3.2).

#### *Skjervøya (11) og Grasøyane (12)*

Dei første teljingane i området vart gjort i perioden 1986 – 1994/95 (sjå vedlegg 2, som er henta frå Folkestad & Loen 1998). Ved teljinga i 1994-1995 vart det registrert 100+ par ærfugl (VU), 20+ par fiskemåse (VU), 10+ par sildemåse, 50+ par gråmåse (VU), 100+ par svartbak, 5-10 par makrellterne (EN), 5-10 par raudnebbterne og ca. 50 par teist (NT). Totalt hekka det ca. 350 par sjøfugl i området i 1994/1995, noko som var ein vesentleg nedgong samanlikna med tilsvarande tal i 1986 (800-900 par). Det var i første rekkje nedgangen i hekkebestandane av raudnebbterne (500 -> 5-10 par), fiskemåse (100 -> 20 par) og teist (100 -> 50 par) som slo negativt ut på totalbestanden av sjøfugl i denne perioden.

I samband med hekkefuglteljinga den 15. mai 2022 vart det registrert 6 par svartbak, 2 par gråmåse (VU), 8 par fiskemåse (VU), 2 par tjeld (NT), 2 par gravand og 1 par sandlo på Grasøyane, i tillegg til ein del trekkjande individ av polarsnipe, fjøreplytt og steinvendar. På Skjervøya vart det registrert 16 par svartbak, 3 par gråmåse (VU), 4 par ærfugl (VU), 2 par tjeld (NT) og 1 par gravand, pluss ca. 35 rastande topp- og storskarv. Teljinga den 20. juni 2022 resulterte i totalt 48 par hekkefugl, med 6 par fiskemåse (VU) og 6 par sildemåse som nye artar sidan teljinga den 15. mai. Hekkebestanden på 47 - 48 par sjøfugl i 2022 utgjer ca. 13 % av den registrerte hekkebestanden i 1995 og ca. 5-6 % av hekkebestanden i 1986.

Den 19. juli vart det registrert årsungar av gråmåse (1), svartbak (1), fiskemåse (1), sildemåse (5), raudnebbterne (3), tjeld (2) og ærfugl (1 forlatt reir), samt ein del vaksne fuglar i lufta og på sjøen, på Skjervøya. I tillegg vart det registrert fleire individ av ikkje-hekkande/trekkande artar som tjuvjo, polarsnipe, dvergsnipe, småspove og ærfugl. På Grasøyane vart det registrert 8 ungar av fiskemåse, 2 ungar av svartbak, 2 ungar av tjeld, samt nokre trekkande polarsniper og småspover.


Førekomsten av tre VU-arter (fiskemåse, gråmåse og ærfugl) og ein NT-arter (tjeld) tilseier at dette delområdet har *stor verdi* som hekkeområde for sjøfugl. Sidan delområdet også er verna som fuglefredingsområde, er verdien oppjustert til *svært stor* (jf. verdi-kriteria i tabell 3.2).

#### Mytande sjøfugl


Når det gjeld mytande sjøfugl i dette området er kunnskapsgrunnlaget ganske begrensa. I rapporten *Hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal - ein statusrapport* (Folkestad og Loen, 1998) er det nemnt at området rundt Eggholmen er ein plass for mytande stokkandhannar. Vidare skriv dei at Grasøyane er eit viktig fjørfellingsområde for grågås (inntil 100), stokkand og ærfugl (bortimot 1000).

I samband med kartlegginga av hekkande sjøfugl i slutten av juli 2022, vart det registrert mytande grågås ved Skjervøya (80 ind.), Sandøya (45 ind.), Grasøyane (40 ind.) og Eggholmen (8. ind.). Det er mykje som tilseier at desse øyane, med tilhøyrande område i sjø, er dei viktigaste områda for mytande andefugl og grågås i det sørlege delområdet.


Funksjonsområde for ikkje-raudlista artar som grågås og stokkand har iht. M-1941 *noko verdi*, men potensialet for mytande ærfugl gjer at verdien i dette tilfellet er oppjustert til *middels*.



Figur 4-2. Viktige område og registrerte førekomstar av fugl i området Herøybrua – Flørauden/Svædet. Kjelde: Miljødirektoratet og Artsdatabanken.



Figur 4-3. Antal par hekkande sjøfugl den 15. mai 2022. Kjelde: Eige feltarbeid.



Figur 4-4. Antal par hekkande sjøfugl den 20. juni 2022. Kjelde: Eige feltarbeid.

Overvintrande sjøfugl

Det er få teljingar å vise til bakover i tid. Det vart gjort vinterteljingar rundt Herøybrua i åra 1986 til 1995, men ikkje ved Vattøya/Sandøya og vidare nordover.


Under Arisan-forliset vest for Runde i januar 1992, vart det estimert at det var rundt 100 000 sjøfugl i området rundt Runde/Grasøyane til Flø og frå Nerlandsøya til Herøybrua og inn til Dragsund. Estimater vart basert på observasjonar som vart gjort under innsamling av oljeskadd sjøfugl i januar/februar 1992.

De er gjennomført nye teljingar av overvintrande sjøfugl i området i 2021 og 2022. Totalt 33 overvintrande artar av fugl vart registrert i området vinteren 2021/2022. Stormåsan (svartbak og gråmåse) dominerte, med skarvane (storskarv og toppskarv) på dei neste plassane. Resultata frå desse teljingane er oppsummert i tabellen under og i figur 4-5. Vi vil presisere at figur 4-5 gjev eit augnebliksbilde av situasjonen dei dagane det vart gjennomført feltarbeid, og at kartet ikkje nødvendigvis gjev eit representativt bilde av dei ulike delområda sin verdi for overvintrande sjøfugl (sjå oppsummering i kapittel 4.5).


**Tabell 4-3. Registrerte artar av sjøfugl innanfor dei ulike sonene ifm. tellinga den 28.11.2021 (venstre kolonne) og 16.02.2022 (høgre kolonne).**

| Art              | Felt |    |    |     |   |  |    |   |    |   |   |   |   |  |   |    |     |     |
|------------------|------|----|----|-----|---|--|----|---|----|---|---|---|---|--|---|----|-----|-----|
|                  | A    |    | B  |     | C |  | D  |   | E  |   | F |   | G |  | H |    | Sum |     |
| alke (VU)        | 1    |    | 1  |     |   |  |    |   |    |   |   |   |   |  |   |    | 2   |     |
| alkekonge        |      | 1  |    |     |   |  | 2  |   |    |   |   |   |   |  |   |    | 2   | 1   |
| ub. alkefugl     |      |    |    | 1   |   |  |    |   |    |   |   |   |   |  |   |    |     | 1   |
| dvergdykkar (EN) | 1    | 1  |    |     |   |  |    |   |    |   |   |   |   |  |   |    | 1   | 1   |
| fiskemåse (VU)   |      | 1  |    |     |   |  |    |   |    |   |   |   | 4 |  |   |    | 4   | 1   |
| fjøreplytt       | 1    |    | 1  |     |   |  | 12 |   |    | 3 |   |   |   |  |   |    | 14  | 3   |
| grønlandsmåse    |      | 1  |    |     |   |  |    |   |    |   |   |   |   |  |   |    |     | 1   |
| gråhegre         | 27   | 18 |    |     |   |  |    |   |    |   |   |   |   |  |   |    | 27  | 18  |
| gråmåse (VU)     | 89   | 77 | 46 | 187 |   |  | 11 |   | 65 |   | 5 |   |   |  |   |    | 216 | 264 |
| havelle (NT)     |      |    |    |     |   |  |    |   | 2  |   | 1 |   |   |  | 6 | 13 | 6   | 16  |
| havørn           | 7    | 4  | 2  | 1   |   |  |    | 2 |    | 4 |   |   | 2 |  |   |    | 11  | 11  |
| horndykkar (VU)  | 3    | 2  |    |     |   |  |    |   |    |   |   |   |   |  |   |    | 3   | 2   |
| islom            | 1    | 1  | 1  |     |   |  |    |   |    |   | 1 |   |   |  |   |    | 2   | 2   |
| krykkje (EN)     |      | 2  |    | 3   |   |  |    |   |    |   | 1 |   |   |  |   |    |     | 6   |
| kråke            | 12   | 9  |    | 3   |   |  | 2  |   |    | 1 |   | 2 |   |  | 2 |    | 16  | 15  |
| kvinand          | 2    |    |    |     |   |  |    |   |    |   |   |   |   |  | 1 |    | 2   | 1   |

| Art              | Felt  |     |      |     |     |   |      |    |      |     |       |     |      |     |      |    |        |      |
|------------------|-------|-----|------|-----|-----|---|------|----|------|-----|-------|-----|------|-----|------|----|--------|------|
|                  | A     |     | B    |     | C   |   | D    |    | E    |     | F     |     | G    |     | H    |    | Sum    |      |
| ub. lom          |       |     |      |     |     |   |      |    |      |     | 3     |     |      |     |      |    | 3      |      |
| lomvi (CR)       |       | 32  |      | 5   |     | 1 |      |    |      |     |       | 1   |      |     |      |    |        | 39   |
| ramn             | 1     | 2   |      |     |     |   |      |    |      |     |       |     |      |     |      |    | 1      | 2    |
| ringdue          | 1     |     |      |     |     |   |      |    |      |     |       |     |      |     |      |    | 1      |      |
| siland           | 31    | 30  |      |     |     |   |      |    |      |     |       |     |      |     |      | 2  | 31     | 32   |
| sjøorre (VU)     |       | 4   |      |     |     |   |      |    |      |     |       |     |      |     |      |    |        | 4    |
| ub. skarv        | 9     | 17  | 35   | 31  | 1   |   | 8    |    | 2    | 2   | 24    | 7   | 17   | 30  | 7    |    | 103    | 87   |
| skjor            | 1     |     |      |     |     |   |      |    |      |     |       |     |      |     |      |    | 1      |      |
| smålom           | 1     | 1   |      |     |     |   |      |    |      |     |       | 1   |      |     |      |    | 1      | 2    |
| songsvane        |       |     |      |     |     |   |      |    |      |     | 2     |     |      |     |      |    | 2      |      |
| steinvendar (NT) |       |     |      |     |     |   | 15   |    |      |     |       |     |      |     |      |    | 15     |      |
| ub. stormåse     |       |     |      | 350 |     |   | 55   |    | 320  | 153 | 500   | 35  | 150  |     |      |    | 188    | 1375 |
| storskarv (NT)   | 40    | 20  | 6    | 8   | 1   |   | 4    | 3  |      |     | 1     | 15  |      | 1   |      | 3  | 52     | 50   |
| storspove (EN)   |       | 1   |      |     |     |   |      |    |      |     |       |     |      |     |      |    |        | 1    |
| svartand (VU)    |       | 15  |      |     |     |   | 4    |    |      |     | 1     | 7   |      |     |      |    | 1      | 26   |
| svartbak         | 13    | 26  | 5    | 22  | 1   |   | 1    | 1  |      |     |       |     | 6    |     |      |    | 20     | 55   |
| svarttrost       | 1     |     |      |     |     |   |      |    |      |     |       |     |      |     |      |    | 1      |      |
| teist (NT)       |       |     | 1    |     |     |   | 1    |    |      | 1   | 1     |     |      | 3   | 2    | 4  | 5      | 8    |
| tjeld (NT)       |       | 4   |      |     |     |   |      |    |      |     |       |     |      |     |      |    |        | 4    |
| toppskarv        | 17    | 47  | 4    | 17  |     | 6 | 1    |    | 1    |     |       | 10  |      | 2   | 3    | 4  | 26     | 96   |
| Sum              | 259   | 316 | 102  | 628 | 3   | 7 | 56   | 71 | 69   | 337 | 190   | 546 | 58   | 192 | 20   | 27 | 757    | 2124 |
| Snitt            | 287,5 |     | 365  |     | 5   |   | 63,5 |    | 203  |     | 368   |     | 125  |     | 23,5 |    | 1440,5 |      |
| Individ/km²      | 19,3  |     | 52,9 |     | 1,2 |   | 14,1 |    | 54,9 |     | 102,2 |     | 35,7 |     | 6,2  |    | 31,9   |      |



Figur 4-5. Tetthet av overvintrande sjøfugl vinteren 2021/2022. Kjelde: Eigne registreringar.



Figur 4-6. Viktige område og registrerte førekomstar av fugl i den nordelege delen. Kjelde: Miljødirektoratet og Artsdatabanken.

### 4.3.2 Delområde 2: Erknefluda, Nordtaren, Skarvøyfluda og Djupefluda

#### Artsmangfald

I følgje tilgjengelege kjelder er det registrert til saman 54 artar av fugl, herav 23 raudlisteartar, innanfor delområde 2 (sjå tabell 4-4). Dette omfattar både hekkande, trekkande og overvintrande artar. I denne oversikten er det berre teke med artar som har tilknytning til sjø og fjøre, eller rovfugl som kan tenkjast å jakte i området. Trekkande/overflygande artar av sporvefugl m.m. er ikkje inkludert, sidan desse uansett ikkje vil bli påverka av det planlagde tiltaket.

Tabell 4-4. Registrerte artar med tilknytning til sjø eller fjøre innanfor delområde 2. Status iht. norsk raudliste for artar (2021). Artar med \* hekkar eller har truleg hekka i området.

| Art (status)     | Art (status)        | Art (status)     | Art (status)     |
|------------------|---------------------|------------------|------------------|
| alke (VU)        | havsule             | raudnebbterne *  | storskarv (NT)   |
| brushane (VU)    | havørn              | raudstilk (NT) * | storspove (EN) * |
| dvergfalk        | heilo (NT)          | sandlo           | strandsnipe *    |
| dvergsnipe       | hettemåse (CR)      | songsvane        | svartand (VU)    |
| enkeltbekkasin * | hønsehauk (VU)      | siland *         | svartbak *       |
| fiskemåse (VU) * | kongeørn            | sildemåse *      | teist (NT)       |
| fjøreplytt       | krikkand            | sjøorre (VU)     | tjeld (NT) *     |
| gluttsnipe       | krykkje (EN)        | skjærpiplerke *  | toppskarv        |
| gravand          | kvarbekkasin        | smålom           | tjuvjo (VU)      |
| grågås *         | kvinand             | småspove (NT)    | vandrefalk       |
| gråhegre         | lappspove           | spurvehauk       | vipe (CR) *      |
| gråmåse (VU) *   | lomvi (CR)          | stokkand *       | ærfugl (VU) *    |
| havelle (NT)     | makrellterne (EN) * | storjo           |                  |
| havhest (EN)     | myrsnipe            | storlom          |                  |

#### Hekkande sjøfugl

##### Snegleværsholmen (13)

Den førre kartlegginga av hekkande sjøfugl på Snegleværsholmen stammar frå 1994/1995 (Folkestad & Loen, 1998). Det vart då registrert ca. 5 par ærfugl (VU), ca. 60 par fiskemåse (VU), 1 par svartbak og 1 par tjeld (NT) på denne holmen.

Kartlegginga som vart gjennomført den 15. mai 2022 resulterte i totalt 58 par hekkande sjøfugl, fordelt på 37 par svartbak, 10 par gråmåse (VU), 10 par ærfugl (VU) og 1 par tjeld (NT). I tillegg var det observert 20 rastande storskarv (NT) og 2 rastande toppskarv på holmen. Den 20. juni vart det registrert 31 par sjøfugl på holmen, fordelt på 21 par svartbak, 7 par gråmåse (VU), 1 par sildemåse, 1 par tjeld (NT) og 1 par stokkand. I samband med den siste teljinga den 19. juli vart det registrert til saman 54 ungar av svartbak, gråmåse og sildemåse på Snegleværsholmen.

Ein bra førekomst av to VU-artar (gråmåse og ærfugl) og ein NT-art (tjeld) tilseier at dette delområdet har stor verdi som hekkeområde for sjøfugl.

##### Havsteinen (14)

I følgje tilgjengelege kjelder vart Havsteinen kartlagt første gong i 1975. Den gongen vart det registrert

9 svartbak, 50 gråmåse (VU), 1 fiskemåse (VU), 23 teist (NT), 5 ærfugl (VU), 3 tjeld (NT) og 1 gravand ved Havsteinen.

Kartlegginga som vart gjennomført på Havsteinen den 15. mai 2022 resulterte i 3 par svartbak, 1 par fiskemåse (VU), 3 par tjeld (NT), 5 par gravand og 1 par grågås, samt 3 næringssøkjande gråhegrer og nokre titals rastande stor- og toppskarv. Tilsvarande kartlegging den 20. juni ga 4 par svartbak, 1 par tjeld (NT) og 12 par toppskarv, i tillegg til 1 rastande storskarv (NT) og 1 rastande hettemåse (CR). Den 19. juli vart det registrert berre 2 toppskarv på sitteplass (mislukka hekking), noko som tyder på svært dårleg reproduksjon for sjøfuglane på Havsteinen.

Ein liten førekomsten av ein VU-art (fiskemåse) og ein NT-art (tjeld) tilseier at dette delområdet har *middels verdi* som hekkeområde for sjøfugl.

#### *Furkenholmen (15)*

Det ligg ikkje føre gamle registreringar av hekkande sjøfugl på Furkenholmen. Etter at holmen vart landfast, som følgje av utfylling av sundet mellom holmen og Godøya, har potensialet for hekkande sjøfugl vore svært lite. Kartlegginga som var gjennomført sommaren 2022 resulterte i 1 rastande sildemåse den 15. mai og 1 par hekkande fiskemåse (VU) den 20. juni. Det vart ikkje registrert nokon ungar på Furkenholmen i samband med teljinga den 19. juli.

Sjølv om det vart registrert eitt par fiskemåse (VU) på Furkenholmen sommaren 2022, er vår vurdering at holmen kun har *noko verdi* for hekkande sjøfugl.



Figur 4-7. Gråmåse var ein av dei mest talrike artane under vinterteljingane i 2021 og 2022.

#### Mytande sjøfugl

Det finst ikkje noko informasjon om mytande sjøfugl i dette området i eksisterande datakilder. Det er heller ikkje noko som tilseier at området har nokon vesentleg betydning for mytande andefugl eller

grågås.

#### Overvintrande sjøfugl

Det er gjennomført nye teljingar av overvintrande sjøfugl i området i 2021 og 2022. Resultata frå desse teljingane er oppsummert i tabellen under og i figur 4-5. Vi vil presisere at figur 4-5 gjev eit augneblikksbilde av situasjonen dei dagane det vart gjennomført feltarbeid, og at kartet ikkje nødvendigvis gjev eit representativt bilde av dei ulike delområda sin verdi for overvintrande sjøfugl (sjå oppsummering i kapittel 4.5).

*Tabell 4-5. Registrerte artar av sjøfugl innanfor dei ulike sonene ifm. tellinga den 10.12.2021 (venstre kolonne) og 08.03.2022 (høgre kolonne).*

| Art                     | Felt  |    |       |     |       |     |      |    |       |     |
|-------------------------|-------|----|-------|-----|-------|-----|------|----|-------|-----|
|                         | I     |    | J     |     | K     |     | L    |    | Sum   |     |
| alke (VU)               |       |    |       |     | 1     |     |      |    | 1     |     |
| fiskemåse (VU)          | 26    | 1  | 1     | 2   | 23    | 2   |      |    | 50    | 5   |
| fjøreplytt              |       | 5  |       |     |       |     |      |    |       | 5   |
| gråhegre                | 15    |    |       | 1   |       | 1   |      |    | 15    | 2   |
| gråmåse (VU)            | 11    | 12 | 23    | 6   | 19    | 25  | 3    | 9  | 56    | 52  |
| havsule                 |       |    |       | 1   |       |     |      |    |       | 1   |
| havørn                  | 2     |    | 2     | 1   | 2     | 3   |      | 1  | 6     | 5   |
| hettemåse (CR)          | 14    |    |       |     | 4     | 6   |      | 4  | 18    | 10  |
| krykkje (EN)            | 8     | 5  |       | 6   | 6     | 7   |      | 11 | 14    | 29  |
| kråke                   | 9     | 2  | 4     | 3   | 4     | 1   | 1    |    | 18    | 6   |
| lomvi (CR)              |       |    |       |     |       | 1   |      | 1  |       | 2   |
| raudvengetrost          |       |    |       |     | 1     |     |      |    | 1     |     |
| siland                  |       |    |       | 1   |       | 9   |      |    |       | 10  |
| ub. skarv               | 4     | 50 | 40    |     | 12    | 42  |      |    | 56    | 92  |
| skjor                   |       |    |       |     | 2     |     |      |    | 2     |     |
| stokkand                |       | 2  | 2     | 2   |       |     |      |    | 2     | 4   |
| ub. stormåse            | 15    |    | 6     | 280 | 7     | 100 |      |    | 28    | 380 |
| storskarv (NT)          | 12    | 1  | 1     | 24  | 20    | 20  |      | 1  | 33    | 46  |
| storspove (EN)          |       |    |       |     |       | 8   |      |    |       | 8   |
| svartbak                | 3     | 11 | 2     | 2   | 1     | 5   |      | 4  | 6     | 22  |
| teist (NT)              | 3     |    |       |     |       |     |      |    | 3     |     |
| tjeld (NT)              |       | 2  |       | 2   |       | 2   |      |    |       | 6   |
| toppskarv               |       |    | 1     |     | 6     | 7   | 3    |    | 10    | 7   |
| Sum                     | 122   | 91 | 82    | 331 | 108   | 239 | 7    | 31 | 319   | 692 |
| Snitt                   | 106,5 |    | 206,5 |     | 173,5 |     | 19,0 |    | 505,5 |     |
| Individ/km <sup>2</sup> | 24,2  |    | 54,3  |     | 44,5  |     | 6,1  |    | 33,3  |     |

Totalt 21 overvintrande artar av fugl vart registrert i området vinteren 2021/2022. Stormåsanane (svartbak og gråmåse) dominerte, med skarvane (storskarv og toppskarv) på dei neste plassane.

#### 4.4 Landskapsøkologiske funksjonsområde

Mørekysten ligg sentralt til i ein internasjonalt viktig trekkorridor for ei rekkje artar av sjø-/vassfugl og fastlandsfugl (sistnemnde gruppe er imidlertid mindre relevant i forhold til det planlagde tiltaket). Mange artar som hekkar i Arktis eller nordlege delar av Skandinavia, og som overvintrar lenger sør i Europa eller i Afrika, trekkjer forbi Mørekysten vår og haust. Mange av desse artane rastar i våtmarksområde og grunne sjøområde langs Mørekysten, før dei held fram trekket mot hekke- eller overvintringsområda. Trekket er energikrevjande for fuglane, og dei er heilt avhengige av eit nettverk av rasteplassar langs trekkruta for å kunne klare å gjennomføre trekket. Mørekysten, med sin relativt breie skjærgard med ei rekkje grunntvass- og våtmarksområde, er difor vurdert å ha *svært stor verdi* som landskapsøkologisk funksjonsområde for fugl.

#### 4.5 Verdivurdering


I tabellen under er dei ulike delområda sin funksjon og verdi kort oppsummert.

Det er viktig å påpeike at sjøområda rundt dei avmerka lokalitetane òg har ein viktig funksjon som næringssøks-/furasjeringsområde i hekketida, og som overvintringsområde, sjølv om dette ikkje framkjem eksplisitt av verdikartet. Per i dag har vi ikkje nok informasjon om bruken av desse sjøområda til næringssøk, sommar og vinter, til at det let seg gjere å dele opp desse sjøområda i mindre einingar/delområde og differensiere på verdi. På generelt grunnlag kan ein likevel konkludere med at det sørlege sjøområdet (Herøybrua – Flørauden/Svædet) nok har eit viktigare funksjon, både for hekkande og overvintrande sjøfugl, enn det nordlege sjøområdet (Valderhaugfjorden/Breisundet).


Tabell 4-6. Oppsummering og verdivurdering.

| Nr | Delområde                         | Funksjon                                                        | Verdi            |
|----|-----------------------------------|-----------------------------------------------------------------|------------------|
| 1  | Torvikholmane                     | Økologisk funksjonsområde (hekkeområde)                         | Middels          |
| 2  | Kalvøya, Roparholmen og Kjeholmen | Økologisk funksjonsområde (hekkeområde)                         | Middels          |
| 3  | Borgarøya                         | Økologisk funksjonsområde (hekkeområde)                         | Middels til stor |
| 4  | Hatløya                           | Økologisk funksjonsområde (hekkeområde)                         | Middels til stor |
| 5  | Byholmane                         | Økologisk funksjonsområde (hekkeområde)                         | Middels til stor |
| 6  | Vattøya                           | Økologisk funksjonsområde (hekkeområde) og verneområde          | Svært stor       |
| 7  | Lyngøya                           | Økologisk funksjonsområde (hekkeområde) og verneområde          | Svært stor       |
| 8  | Sandøya                           | Økologisk funksjonsområde (hekke- og myteområde) og verneområde | Svært stor       |
| 9  | Eggholmen                         | Økologisk funksjonsområde (hekke- og myteområde) og verneområde | Svært stor       |
| 10 | Flørauden                         | Økologisk funksjonsområde (hekkeområde) og verneområde          | Svært stor       |

| Nr | Delområde                                 | Funksjon                                                         | Verdi      |
|----|-------------------------------------------|------------------------------------------------------------------|------------|
| 11 | Skjervøya                                 | Økologisk funksjonsområde (hekke- og myte-område) og verneområde | Svært stor |
| 12 | Grasøyane                                 | Økologisk funksjonsområde (hekke- og myte-område) og verneområde | Svært stor |
| 13 | Snegleværsholmen                          | Økologisk funksjonsområde (hekkeområde)                          | Stor       |
| 14 | Havsteinen                                | Økologisk funksjonsområde (hekkeområde)                          | Middels    |
| 15 | Furkenholmen                              | Økologisk funksjonsområde (hekkeområde)                          | Noko       |
| 16 | Stokksund-Blikkvågane fuglefredingsområde | Verneområde                                                      | Svært stor |
| 17 | Flø fuglefredingsområde                   | Verneområde                                                      | Svært stor |
| 18 | Runde fuglefredingsområde                 | Verneområde                                                      | Svært stor |



Figur 4-8. Verdivurdering av registrerte hekkeområde for sjøfugl og verneområde i delområde 1.



Figur 4-9. Verdivurdering av registrerte hekkeområde for sjøfugl og verneområde i delområde 2.

## Referansar

Artsdatabanken. 2021. Artskart. Data hentet 26.11.2021 fra <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Artsdatabanken. 2018. Fremmedartslista 2018. <https://www.artsdatabanken.no/fremmedartslista2018>

Artsdatabanken. 2021. Norsk rødliste for arter 2021. <https://www.artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021>

Folkestad, A. O. & Loen, J. 1998. Hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal – ein statusrapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Molde.

## Vedlegg 1 - Kartlegging av hekkande sjøfugl sommaren 2022

### Dato: 15. mai

---

*Observatør: Jostein Fagerhol og Oddvar Olsen.*

*Metode: Sakte rundt med båt uten å forstyrre fugl. Hjelpemiddel: 10x40 kikkert*

*Observasjonsforhold: Gode. Vind 1-2 m/s, lett overskya, ingen nedbør.*

*Tal med **feit** skrift er estimert par i forhold til det som er telt.*

#### 1) Torvikholmane/Kyrkjeholmen/Brennholmen

Fiskemåse: 4 par ståande. **4 par.**

Svartbak: 1 par rugande, 1 ståande. **2 par.**

Tjeld: 1 par rugande. **1 par.**

**Totalt: 7 par.**

#### 2) Kalvøya/Roparholmen/Kjeholmen

Gråmåse: 1 par ståande. **1 par.**

Svartbak: 1 par rugande. **1 par.**

Siland: **1 par.**

**Totalt: 3 par.**

#### 3) Borgarøya

Fiskemåse: 1 par ståande. **1 par.**

Gråmåse: 1 par ståande. **1 par.**

Svartbak: 1 ståande. **1 par.**

**Totalt: 3 par.**

#### Ikkje-hekkande/trekk:

Gråhegre: 1 på matsøk.

#### 4) Hatløya

Fiskemåse: 1 ståande. **1 par.**

Grågås: 6 ståande. **3 par.**

Gråmåse: 1 ståande. **1 par.**

Tjeld: 1 ståande. **1 par.**

**Totalt: 6 par.**

#### Ikkje-hekkande/trekk:

Gråhegre: 2 på matsøk.

**5) Byholmane**

Fiskemåse: 1 par ståande. **1 par.**

Grågås: 3 ståande. **2 par.**

Tjeld: 1 par rugande, 1 par ståande, 1 ståande. **3 par.**

**Totalt: 6 par.**

**Anna:**

Steinkobbe: 1 på sjø.

**6) Vattøya (innanfor naturreservatet)**

Fiskemåse: 3 par ståande. **3 par.**

Grågås: 1 par, 1 ståande. **2 par.**

Gråmåse: 3 par rugande, 1 ståande. **4 par.**

Siland: **1 par.**

Svartbak: 4 par rugande, 2 ståande. **5 par.**

Tjeld: 1 par rugande, 3 par ståande, 4 ståande. **6 par.**

Tjuvjo: **1 par.**

Ærfugl: 3 hann 2 ho. **3 par.**

**Totalt: 25 par.**

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Skarv ubestemt: 7 rastande på skjær.

**6) Vattøya (utanfor naturreservater)**

Fiskemåse: 1 par ståande, 1 ståande. **2 par.**

Grågås: 3 par, 13 på sjø. **9 par.**

Storspove: **1 par.**

Svartbak: 3 par rugande, 2 ståande. **4 par.**

Tjeld: 1 par ståande. **1 par.**

**Totalt: 17 par.**

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Heilo: 2 rastande.

**7) Lyngøya**

Svartbak: 3 par rugande, 4 ståande. **5 par.**

Tjeld: 2 par ståande. **2 par.**

Ærfugl: 1 hann 1 ho. **1 par.**

**Totalt: 8 par.**

**8) Sandøya**

Gravand: 1 ståande. **1 par.**

Svarthak: 5 par rugande, 1 ståande. **6 par.**

Tjeld: 1 par ståande. **1 par.**

Ærfugl: 4 hann 1 ho. **4 par.**

**Totalt: 12 par.**

**9) Eggholmen**

Fiskemåse: 1 par rugande, 1 par ståande, 1 ståande. **3 par.**

Gråmåse: 9 par rugande, 8 ståande. **13 par.**

Svarthak: 11 par rugande, 2 par ståande, 7 ståande. **16 par.**

Tjeld: 1 par ståande, 1 ståande. **2 par.**

Teist: 1 på sjø. **1 par.**

**Totalt: 35 par.**

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Toppskarv: 13 rastande.

Storskarv: 1 rastande.

**10) Flørauden**

Fiskemåse: 1 ståande. **1 par.**

Gråmåse: 1 rugande. **1 par.**

Svarthak: 3 par rugande, 2 par ståande, 5 ståande. **7 par.**

Teist: 5 på land og sjø. **2 par.**

Tjeld: 1 par ståande, 3 ståande. **2 par.**

**Totalt: 13 par.**

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Toppskarv: 2 trulig rastande.

**11) Skjervøya/Tøyrane**

Gravand: **1 par.**

Gråmåse: 2 par rugande, 1 ståande. **3 par.**

Svarthak: 10 par rugande, 2 par ståande, 9 ståande. **16 par.**

Tjeld: 1 par ståande, 2 ståande. **2 par.**

Ærfugl: 4 hann 3 ho (+ 2 unge hannar). **4 par.**

**Totalt: 26 par.**

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Toppskarv: 20 rastande.

Skarv ubestemt: 15 rastande.

**Anna:**

Steinkobbe: 28 på land og sjø.

Havert: 1 på land.

**12) Grasøyane**

Fiskemåse: 3 par rugande, 3 par ståande, 4 ståande. **8 par.**

Gravand: **2 par.**

Gråmåse: 1 par rugande, 2 ståande. **2 par.**

Sandlo: 1 ståande. **1 par.**

Svartbak: 4 par rugande, 5 ståande. **6 par.**

Tjeld: 1 par ståande, 2 ståande. **2 par.**

**Totalt: 21 par.**

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Polarsnipe: fleire på trekk.

Fjøreplytt: fleire på trekk.

Steinvendar: fleire på trekk.

**13) Snegleværsholmen**

Gråmåse: 9 par rugande, 3 ståande enkeltvis. **11 par.**

Svartbak: 30 par rugande, 2 par ståande, 11 ståande enkeltvis. **37 par.**

Tjeld: 1 ståande. **1 par.**

\*Ærfugl: 10 hann 6 ho. **10 par.**

**Totalt: 59 par.**

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Storskarv: 20 rastande.

Toppskarv: 2 rastande.

\*Ærfugl: Alle hekkar nok ikkje på holmen, men er trulig spreidd langs land mellom Tueneset og Stavneset.

**14) Havsteinen**

Fiskemåse: 1 par ståande. **1 par.**

Gravand: **5 par.**

Grågås: **1 par.**

Svartbak: 2 par rugande, 2 ståande. **3 par.**

Tjeld: 1 par rugande, 1 par ståande, 1 ståande. **3 par.**

**Totalt: 13 par.**

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Gråhegre: 3 på matsøk.

Ramn: 1 + reir i fjellvegg.

Skarv ubestemt: 16 rastande.

Storskarv: 1 rastande.

Toppskarv: 30 rastande.

**15) Furkenholmen**

Sildemåse: 1 rastande.

**Totalt: 0 par.**

---

**Dato: 20. juni**

*Observatør: Jostein Fagerhol og Oddvar Olsen.*

*Metode: Sakte rundt med båt uten å forstyrre fugl. Hjelpemiddel: 10x40 kikkert*

*Observasjonsforhold: Gode. Vind 2-3m.pr.sek, sol/skya.*

*Tal med **feit** skrift er estimert par i forhold til det som er telt.*

**1) Torvikholmane/Kyrkjeholmen/Brennholmen**

Svarbak: 1 ståande. **1 par. 1 ind. 2 ungar.**

Tjeld: 1 par ståande. **1 par. 2 ind. 2 ungar.**

Siland: 2 hann 2 ho. **2 par. 4 ind.**

**Totalt: 4 par.**

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Toppskarv: 1 rastande.

**2) Kalvøya/Roparholmen/Kjeholmen**

Svarbak: 1 rugande. **1 par. 1 ind.**

Tjeld: 1 par ståande **1 par. 2 ind.**

**Totalt: 2 par.**

**3) Borgarøya**

Fiskemåse: 2 ståande enkeltvis, 1 par ståande. **2 par. 4 ind.** (1 par med produksjon)

Svarbak: 4 par ståande. **4 par. 8 ind. 1 unge.**

Tjeld: 2 ståande enkeltvis, 2 par ståande. **3 par. 6 ind. 2 ungar.**

Siland: 1 hann 1 ho. **1 par. 2 ind.**

**Totalt: 10 par.**

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Tjujo: 1 i flukt truleg på matsøk.

**4) Hatløya**

Fiskemåse: 3 ståande enkeltvis. **2 par. 3 ind.**

Svartbak: 1 ståande. **1 par. 1 ind.**

Tjeld: 2 ståande enkeltvis, 2 par ståande. **3 par. 6 ind.**

**Totalt: 6 par.**

**Anna:**

Havørn: 2 på sitteplass.

**5) Byholmane**

Tjeld: 1 ståande enkeltvis, 1 par ståande. **2 par. 3 ind.**

**Totalt: 2 par.**

**Anna:**

Havørn: 1 på sitteplass.

**6) Vattøya (innanfor reservat)**

Fiskemåse: 4 ståande enkeltvis, 2 par ståande. **4 par. 8 ind.** (1 par med produksjon)

Grågås: 1 på land. **1 par. 1 ind.**

Gråmåse: 1 ståande enkeltvis. **1 par. 1 ind.**

Svartbak: 3 ståande enkeltvis, 1 par ståande. **3 par. 5 ind. 5 ungar.**

Tjeld: 6 ståande enkeltvis, 3 par ståande, 1 rugande enkeltvis. **7 par. 13 ind. 1 unge.**

Tjujo: 1 par ståande. **1 par. 2 ind.**

**Totalt: 17 par.**

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Småspove: 1 rastande.

**6) Vattøya (utanfor reservat)**

Grågås: 2 par på land. **2 par. 4 ind.**

Storspove: **1 par. 1 ind.**

Svartbak: 1 ståande enkeltvis, 3 par rugande. **4 par. 7 ind.**

Tjeld: 1 par ståande. **1 par. 2 ind.**

**Totalt: 8 par.**

**7) Lyngøya**

Svartbak: 4 ståande enkeltvis, 2 par ståande. **4 par. 8 ind.**

Gråmåse: 1 ståande enkeltvis. **1 par. 1 ind.**

Tjeld: 3 ståande enkeltvis, 2 par ståande. **3 par. 7 ind.**

Tjujo: 1 ståande. **1 par. 1 ind.**

**Totalt: 9 par.**

#### **8) Sandøya**

Svarbak: 3 ståande enkeltvis, 1 par rugande, 1 rugande enkeltvis. **3 par. 6 ind. 2 ungar.**

Tjeld: 4 ståande enkeltvis, 1 par ståande. **3 par. 6 ind.**

Ærfugl: 1 hann. **1 par. 1 ind.**

Stokkand: 1 hann. **1 par. 1 ind.**

Siland: 1 ho. **1 par. 1 ind.**

**Totalt: 9 par.**

#### **Ikkje-hekkande/trekk:**

Grågås: 45 i myting

#### **9) Eggholmen**

Fiskemåse: 9 ståande enkeltvis, 3 par ståande. **7 par. 15 ind.**

Gråmåse: 6 ståande enkeltvis, 2 par ståande, 1 rugande. **6 par. 11 ind.**

Svarbak: 8 ståande enkeltvis, 1 par ståande, 4 rugande. **9 par. 14 ind.**

Tjeld: 1 ståande, 1 par ståande. **2 par. 3 ind.**

Teist: 1 på sjø. **1 par. 1 ind.**

Ærfugl: 1 ho. **1 par. 1 ind.**

**Totalt: 26 par.**

#### **Ikkje-hekkande/trekk:**

Toppskarv: 3 rastande.

Grågås: 45 i myting.

#### **10) Flørauden**

Gråmåse: 1 rugande. **1 par. 1 ind.**

Svarbak: 12 ståande enkeltvis, 1 par ståande. **7 par. 14 ind. 1 unge.**

Tjeld: 3 par ståande. **3 par. 6 ind. 1 unge.**

Teist: 1 på sjø. **1 par. 1 ind.**

**Totalt: 12 par.**

#### **Ikkje-hekkande/trekk:**

Fiskemåse: 8 rastande.

Stormåse: 99 rastande.

**Anna:**

Steinkobbe: 2

**11) Skjervøya/Tøyrane**

Gråmåse: 1 ståande. **1 par. 1 ind.**

Svartbak: 10 ståande enkeltvis, 3 par ståande. **8 par. 16 ind.**

Tjeld: 3 ståande enkeltvis, 1 rugande enkeltvis. **2 par. 4 ind.**

Fiskemåse: 1 par ståande, 10 i lufta. **6 par. 12 ind.**

Sildemåse: 4 ståande enkeltvis, 4 rugande enkeltvis. **6 par. 8 ind.**

Ærfugl: 4 hann 2 ho. **4 par. 6 ind.**

**Totalt: 27 par.**

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Teist: 1 truleg på matsøk.

Terne ubestemt: 25 truleg ikkje hekkande.

Grågås: 80 i myting.

Krykkje: ca 500 på matsøk.

**Anna:**

Steinkobbe: 1.

**12) Grasøyane**

Fiskemåse: 17 ståande enkeltvis, 10 i lufta. **13 par. 27 ind.**

Gråmåse: 1 par ståande. **1 par. 2 ind.**

Svartbak: 7 ståande enkeltvis, 2 par ståande. **5 par. 11 ind.**

Tjeld: 3 ståande enkeltvis, 1 par ståande. **2 par. 5 ind.**

**Totalt: 21 par.**

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Grågås: 40 i myting.

**13) Snegleværsholmen**

Gråmåse: 6 ståande enkeltvis, 2 par ståande, 2 par rugande. **7 par. 14 ind. 11 ungar.**

Svartbak: 14 ståande enkeltvis, 7 par ståande, 5 rugande, 2 par rugande. **21 par. 37 ind. 8 ungar.**

Sildemåse: 1 rugande. **1 par. 1 ind.**

Tjeld: 2 ståande. **1 par. 2 ind. 2 ungar.**

Ærfugl: 3 ho. **3 par. 3 ind.**

Stokkand: 1 hann. **1 par. 1 ind.**

**Totalt: 34 par.**

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Storskarv: 2 rastande.

Toppskarv: 1 rastande.

**14) Havsteinen**

Svartbak: 2 ståande enkeltvis, 1 par ståande, 2 rugande. **4 par. 6 ind.**

Tjeld: 1 ståande enkeltvis. **1 par. 1 ind.**

Toppskarv: 8 på sitteplass, 4 i flukt ved fjellvegg. (antal par er basert på skit i fjellet sett med kikkert). **12 par. 12 ind.**

**Totalt: 17 par.**

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Storskarv: 1 rastande.

Hettemåse: 1 rastande.

**15) Furkenholmen**

Fiskemåse: 1 par ståande. **1 par. 2 ind.**

**Totalt: 1 par.**

**Dato: 19. juli**

---

*Observatør: Jostein Fagerhol og Oddvar Olsen.*

*Metode: Sakte rundt med båt uten å forstyrre fugl. Hjelpemiddel: 10x40 kikkert. Nokre holmar vart det gjort eit kort besøk i land for å få oversikt over til dømes terner og teist.*

*Observasjonsforhold: Gode. Vind 1-5 m/s, lett overskya/sol, ingen nedbør.*

*Holmar som ikkje er nemnde hadde ingen ungar.*

**1) Torvikholmane/Kyrkjeholmen/Brennholmen**

Fiskemåse: 1 rugande, **3 små ungar.**

Svartbak: **4 ungar.**

Tjeld: **1 unge.**

**2) Kalvøya/Roparholmen/Kjeholmen**

Tjeld: **1 unge.**

**4) Hatløya**

Fiskemåse: **1 unge.**

Grågås: 6 vaksne **5 ungar.**

Svartbak: **3 ungar.**

Tjeld: **3 ungar.**

**Totalt: 6 par.**

### 5) Byholmane

Fiskemåse: **3 ungar.**

### 6) Vattøya (innanfor naturreservatet) (Rask tur i land for å få oversikt over om tjuoen hadde ungar.)

Fiskemåse: **5 ungar.**

Gråmåse: **5 ungar.**

Svartbak: **3 ungar.**

Måsar sp: (39 stormåsar i lufta over øya. Opptalt på bilde tatt mens ein var på land.)

Tjeld: **2 ungar.**

Tjuvjo: 1 par mislykka hekking.

#### Ikkje-hekkande/trekk:

Myrsnipe: 2.

Småspove: 5.

### 6) Vattøya (utanfor naturreservater)

Fiskemåse: 1 rugande.

Grågås: 12 vaksne, **14 ungar.**

Storspove: lyd høyrte ved hekkeplass, sannsynleg ungar.

### 9) Eggholmen (Rask tur i land for å få oversikt over måseeungar og teistereir.)

Fiskemåse: **3 ungar.**

Gråmåse/svartbak: **27 ungar.** (81 vaksne i lufta over holmen. Opptalt på bilde tatt mens ein var på land.)

Svartbak: **3 ungar.**

Teist: 3 på sjø: Eit reir med **2 ungar.**

Ærfugl: 1 ho på sjø.

### 8) Sandøya 19.7.22.

Svartbak: **5 ungar.**

Ærfugl: 1 ho med **5 ungar.**

#### Ikkje-hekkande/trekk:

Storspove: 1 i flukt.

### 7) Lyngøya

Svartbak: **8 ungar.**

Gråmåse: **2 ungar.**

**10) Flørauden**

Svartbak: **5 ungar.**

Teist: 8 på land og sjø, ingen hekking.

**11) Skjervøya/Tøyrane 19.7.22.** (Rask tur i land for å få oversikt over terneungar/reir.)

Gråmåse: **1 unge.**

Svartbak: **1 unge.**

Fiskemåse: **1 unge. 1 tomt reir. 1 par med produksjon.**

Sildemåse: **5 ungar. 1 rugande.**

Måsar sp: 65 i lufta over Skjervøya. Opptalt på bilde tatt mens ein var på land.

Terne: **1 reir med 2 ungar, 1 reir med 1 unge, 1 tomt reir.** (42 vaksne i lufta over kolonien. Opptalt på bilde tatt mens ein var på land. Berre raudnebbterne observert.)

Tjeld: **2 ungar.**

Ærfugl: **1 reir med egg forlatt.**

Teist: 3 på sjø. Ingen hekking.

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Tjuvjo: 1 i flukt.

Polarsnipe: 6.

Småspove: 1.

Ærfugl i flokk: 4 hannar, 8 hoer, 11 unge hannar.

Dvergsnipe: 3.

**Anna:**

Havert: 1.

Steinkobbe: 2.

**12) Grasøyane**

Fiskemåse: **8 ungar.**

Svartbak: **2 ungar.**

Tjeld: **2 ungar.**

**Ikkje-hekkande/trekk:**

Polarsniper: 2.

Småspove: 1.

**13) Snegleværsholmen**

Gråmåse/svartbak/sildemåse: **54 ungar.**

#### 14) Havsteinen

Toppskarv: 2 på sitteplass, mislykka hekkeforsøk.

## ***FAUNAFOKUS AS***

Oddvar Olsen  
Furnesveien 10  
6106 Volda  
Tlf 91737070

**Vedlegg 2. Teljing av hekkefugl i Sandøya - Vattøya naturreservat i 2011 og i 2015.****12.05.2011.***Observatører: Ingar Støyle Bringsvor. Oddvar Olsen.**Metode: Sakte rundt øyane med båt uten å forstyrre fugl. Hjelpemiddel: 10x40 kikkert***25.06.2011.***Observatører: Jostein Fagerhol. Oddvar Olsen.**Metode: Sakte rundt øyane med båt uten å forstyrre fugl. Hjelpemiddel: 10x40 kikkert*

Mange måsar hadde tydeligvis gitt opp hekking og var borte.

1 oter.

**SANDØYA/VATTØYA totalt****Ærfugl: 55 par****Grågås: 5 par****Svartbak: 61 par****Gråmåse: 23 par****Fiskemåse: 4 par****Tjuvjo: 1 par****Tjeld: 9 par****Enkeltebekkasin: minst 2 par****Storspove: 1 par****Alle artar totalt: 161 par****21.05.2015***Observatør: Oddvar Olsen.**Metode: Sakte rundt øyane med båt uten å forstyrre fugl. Hjelpemiddel: 10x40 kikkert***19.06.2015***Observatør: Oddvar Olsen.**Metode: Sakte rundt øyane med båt uten å forstyrre fugl. Hjelpemiddel: 10x40 kikkert***SANDØYA/VATTØYA totalt****Ærfugl: 9 par****Grågås: 4 par****Svartbak: 27 par****Gråmåse: 3 par****Fiskemåse: 2 par****Tjujo: 1 par****Tjeld: 2 par****Enkeltebekkasin: minst 1 par.****Storspove: 1 par****Alle artar totalt: 50 par**

### Vedlegg 3. Utdrag frå rapporten *Hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal - ein statusrapport (1998)*.

#### 4.4.22 Torvikholmane

KOMMUNE: 1515 Herøy  
KARTBLAD (M-711): 1119-I Ålesund  
UTM (EUREF89): 32VLQ315160

OMRÅDESKILDRING: Ei handfull mindre holmar og skjer utanfor Torvika på Leinøy. Graskledde. Holmane ligg i den såkalla «Grøne korridor» mellom Herøy og Ulstein. Dette er eit landskap med store kulturverdiar. Kulturverdiane er knytte til jordbruksdrift og beiting og Torvikholmane er ikkje noko særskilt viktig element i så måte.

VERDIVURDERING: 3

#### HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode:                 | eldre data finst ikkje | 1994 - 95   |
|--------------------------|------------------------|-------------|
| Ærfugl                   |                        | 2 - 3 par   |
| Makrellterne             |                        | 10 - 15 par |
| Raudnebbterne            |                        | 30 - 40 par |
| Totalbestand alle artar: |                        | 45 - 60 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Ternekolonien kan år om anna vere større eller mangle heilt.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Uvesentlege.

#### 4.4.25 Vattøya - Lyngøya - Sandøya

KOMMUNE: 1516 Ulstein  
KARTBLAD (M-711): 1119-I Ålesund  
UTM (EUREF89): 32VLQ3320 - 3421

OMRÅDESKILDRING: Den største av dei tre øyane, Vattøya, er omlag 1200 x 700 m. Lyngøya og Sandøya er nokså runde og 2 - 300 m på tvers. Alle øyane er småkuperte men heller flatlendte. Vegetasjonen er stort sett lynghei og strandeng, men på Vattøya er fem fråflytte gardsbruk med tilgroande dyrkamark og beite. Det er elles fleire mindre holmar og skjer i området. Området utgjer ytste del av den såkalla «Grøne korridor», fjordlandskapet mellom Herøy og Ulstein». Det er her registrert store kulturlandskapsverdiar. Vattøya som gamal busetnad, utgjer ein del av dette.

VERDIVURDERING: 3

#### HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode:                 | 1975         | 1994 -95      |
|--------------------------|--------------|---------------|
| Ærfugl                   | spreidde par | fleire par    |
| Fiskemåse                | ca 5 par     | 30 - 40 par   |
| Sildemåse                |              | 10 - 20 par   |
| Gråmåse                  |              | 50 par +      |
| Svartbak                 | ca 30 par    | 60 par +      |
| Tjuvjo                   | 1 par        | 2 par         |
| Makrellterne             | 1 par        | 15 -20 par    |
| Raudnebbterne            |              | 20 - 30 par   |
| Teist                    | ?            | ?             |
| Totalbestand alle artar: | 40 - 45 par  | 200 - 250 par |

NATURFAGLEGE MERKNADER: På Vattøya er dei tettaste koloniområda på den nordlege delen. Her hekkar også ein del grågås. Det er naturleg å vurdere denne delen saman med Lyngøya og Sandøya og gruntvassområda imellom.

UTFØRTE INNGREP: Tidlegare busetnad på Vattøya. Ei hytte.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Fritidsbustader og båtutfart.

#### 4.4.26 Eggholmen

KOMMUNE: 1516 Ulstein  
KARTBLAD (M-711): 1119-I Ålesund  
UTM (EUREF89): 32VLQ350238

OMRÅDESKILDRING: Liten og berglendt holme, ca 150 x 100 m<sup>2</sup> med taregrunner ikring. På toppen av holmen og elles i revner, er det tett og frodig vegetasjon av ulike gras og urter. På holmen er det og fleire dammar. Også Eggholmen ligg i utkanten av kulturlandskapet i den «Grøne korridoren». Det er ikkje særskilt viktige kulturlandskapselement registrert på Eggholmen.

VERDIVURDERING: 2

##### HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode:                 | 1981 - 82  | 1994 - 95   |
|--------------------------|------------|-------------|
| Ærfugl                   | 20 par +   | ca 50 par   |
| Fiskemåse                | 5 - 10 par | ca 10 par   |
| Sildemåse                |            | 10 - 15 par |
| Gråmåse                  | ca 10 par  | ca 50 par   |
| Svartbak                 | 50 par +   | ca 150 par  |
| Teist                    | 5 - 10 par | 10 - 20 par |
| Totalbestand alle artar: | 100 par +  | ca 300 par  |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Av andre hekkande fugleartar finst grågås, stokkand, siland, fleire par tjeld og skjerpipelerke. Dessutan er lokaliteten myteplass for stokkandhannar og kvileplass for skarv. Om vinteren er holmen overnattingsplass for skarv, måsar og kråker. Vegetasjonen er sterkt prega av gjødsling frå fuglane, med næringskrevjande artar. Mink vitjar området sporadisk.

UTFØRTE INNGREP: Ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen.

#### 4.4.27 Flørauden

KOMMUNE: 1516 Ulstein  
KARTBLAD (M-711): 1119-I Ålesund  
UTM (EUREF89): 32VLQ366258

OMRÅDESKILDRING: Ei gruppe små og temmeleg snaue skjer ut mot havgapet, berre med litt spreidd vegetasjon av gras og urter. På det største skjeret står ei fyrlykt. Innimellom skjera er det meir skjerna gruntvassbasseng med tangvollar.

VERDIVURDERING: 3

##### HEKKANDE SJØFUGL:

| Periode:                 | 1985        | 1994 - 95  |
|--------------------------|-------------|------------|
| Ærfugl                   | 10 - 20 par | ca 10      |
| Fiskemåse                | ca 5 par    |            |
| Svartbak                 | 10 - 15 par | ca 10 par  |
| Makrellterne             |             | 5 - 10 par |
| Raudnebbterne            | 10 - 20 par | 40 par +   |
| Teist                    | ca 10 par   | ca 10 par  |
| Totalbestand alle artar: | 50 - 60 par | ca 80 par  |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Av hekkefuglar elles finst tjeld, steinvendar, kråke og truleg fleire par skjerpipelerke. Ternebestanden varierer frå år til år og har vore større i toppår. Sjølv om talet på hekkefugl berre er måteleg, har lokaliteten stor verdi som natteplass for skarv (bortimot 1000 ind.), måsar og kråker (fleire hundre). Det er også ein god beiteplass for ærfugl sommar som vinter. Mink opptre sporadisk.

UTFØRTE INNGREP: Ingen bortsett frå fyrlykta.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen.

**4.4.24 Grasøyane**

KOMMUNE: 1516 Ulstein  
 KARTBLAD (M-711): 1119-I Ålesund  
 UTM (EUREF89): 32VLQ3125 - 3226

OMRÅDESKILDING: To større og fleire mindre holmar i havet mellom Ulstein og Runde. Grasøya er ca. 450 x 200 m, er berglendt og snau på vestsida, men graskledd og med rullestein og skjelsand på austsida. Skjervøya ca. 500 x 150 m, stort sett snau, men med striper og renner av strandrug og urter. I tillegg er det fleire større og mindre, snaue skjer og taregrunner.

VERDIVURDERING: 2

**HEKKANDE SJØFUGL:**

| <b>Periode:</b>                 | <b>1986</b>        | <b>1994 - 95</b>  |
|---------------------------------|--------------------|-------------------|
| Havsvale                        | ?                  | ?                 |
| Ærfugl                          | 50 par +           | 100 par +         |
| Tjuvjo                          | 1 par              |                   |
| Hettemåse                       | 1 par              |                   |
| Fiskemåse                       | 100 par +          | 20 par +          |
| Sildemåse                       | ca 15 par          | ca 10 par         |
| Gråmåse                         | 2 par              | 50 par +          |
| Svarbak                         | ca 50 par          | 100 par +         |
| Makrellterne                    | 20 - 30 par        | 5 - 10 par        |
| Raudnebbterne                   | 500 par +          | 5 - 10 par        |
| Teist                           | ca 100 par         | ca 50 par         |
| <b>Totalbestand alle artar:</b> | <b>8 - 900 par</b> | <b>ca 350 par</b> |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Merk særleg den store hekkebestanden av ærfugl. Av hekkande artar elles finst stokkand, ca 10 par grågås, siland, gravand, tjeld, steinvendar, raudstilk, ramn, stare, bergirisk, steinskvett, skjerpplerke og linerle. Området er fjørfellingsplass for grågås (inntil 100), stokkand og ærfugl (bortimot 1000). Skjervøya er kvile- og natteplass for skarv og måsar i vinterhalvåret inntil fleire tusen individ, og såleis sær viktig for sjøfugl heile året. Her er ein steinkobbstamme på 40-50 dyr og fast tilhald av havert. Landsneglefaunaen er arts- og individrik. Under gode vertilhøve kan mink kome seg ut til øyane men dette er observert berre to gonger og han har ikkje heilårstilhald her. Området er verna ved Kgl.Res. av 30.04.81 og det er ferdselsrestriksjonar i hekketida.

UTFØRTE INNGREP: Utanom fyrstasjon med bygningar er det ingen.

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen.

**4.4.10 Snegleværsholmen**

KOMMUNE: 1504 Ålesund  
KARTBLAD (M-711): 1119 I Ålesund  
UTM (EUREF89): 32VLQ498293

OMRÅDESKILDRING: Berglendt holme med ein del grasvokster. Holmen ligg vest for Heissa og er meir vétutsett enn dei andre holmane i Ålesund.

VERDIVURDERING: 3

**HEKKANDE SJØFUGL:**

|                                 |                  |
|---------------------------------|------------------|
| <b>Periode:</b>                 | <b>1994</b>      |
| Ærfugl                          | ca 5 par         |
| Fiskemåse                       | ca 60 par        |
| Svartbak                        | 1 par            |
| <b>Totalbestand alle artar:</b> | <b>ca 65 par</b> |

NATURFAGLEGE MERKNADER: Området er kjent som «måseholme» frå gammalt av, men var i ein periode tom for fugl. Koloniane er no under oppbygging att. Vert også nytta av skarv som kvileplass vinterstid.

UTFØRTE INNGREP: Ingen

KJENDE INTERESSEKONFLIKTER: Ingen